



ÅRSRAPPORT 2013

MØRE BISKOP
MØRE BISPEDØMERÅD

Bilete på framsida:
Vågøy kyrkje i vinterlys. Foto: Egil Sæbø

INNHOLD

Årsrapport del 1

MØRE BISPEDØME 2013

-	EI TILSTANDSVURDERING	5
---	-----------------------	---

Årsrapport del 2

KYRKJELEG ARBEID – Kyrkjemøtets mål og strategiar

2.1	Gudstenesteliv og kyrkjemusikk	15
2.2	Trusopplæring og undervisning	20
2.3	Diakoni	23
2.4	Kultur	26
2.5	Samisk kyrkjeliv	28
2.6	Misjon og økumenikk	29
2.7	Visitas	31

Årsrapport del 3

KYRKJELEG ARBEID – samarbeid, organisering og forvalting

3.1	Organisering og forvalting	34
3.2	Lokalt samarbeid	36
3.3	IKT	37
3.4	Demokratiutvikling	38

Årsrapport del 4

PRESTETENESTA

4.1	Prestedekning og rekruttering	42
4.2	Organisering og leiing av prestetenesta	47
4.3	Introduksjon til prestetenesta	50
4.4	Kompetanseutvikling	52
4.5	Vegleiing	53
4.6	Likestilling	55

Årsrapport del 5

MØRE I 2013 – FRIE DYKK I TRE TEMA

5.1	Prestetenesta – arbeidsplassundersøkingar og mobbing	59
5.2	Rekruttering til prestetjenesten	62
5.3	Dåpstal og medlemsutvikling	64

Årsrapport del 6

GJENNOMGÅANDE KRAV

6.1	Beredskap og sikring	67
6.2	Likestilling	67
6.3	Arbeidsgjearollen og inkluderande arbeidsliv	71
6.4	Klarspråk	71
6.5	Vurdering av sikkerhetstilstanden i forvaltinga	71
6.6	Lærlingeplassar	71
6.7	Jobbstrategi for unge med nedsett funksjonsevne	71
6.8	Samisk språk	72
6.9	Internkontroll, risiko- og vesentlegvurderingar	72
6.10	Oppfølging av revisjonsmessige tilhøve	72

Årsrapport del 7

STATISTIKK

UTDRAG AV KYRKESTATISTIKK 2013, BISPEDØME OG PROSTI	74
---	----

7.1 Medlemstal – utvikling	78
7.2. Dåpstal – utvikling	79
7.3 Konfirmasjon – utvikling	79
7.4 Vigsel – utvikling	80
7.5 Gravferd – utvikling	81
7.6 Gudstenester søn- og helgedagar – utvikling	82
7.7 Nattverd – utvikling	85

Årsrapport del 8

VEDLEGG

8.1 Biskopens tenestefunksjonar	87
8.2 Personendringar presteskapet	90
8.3 Personendringar bispedømekontoret	90
8.4 Bispedømerådsmøte	90
8.5 Medlemer av Møre bispedømeråd, utval m.m.	90
8.6 Forvaltingssaker etter Kyrkjelova og Gravferdslova	93
8.7 Tilskotsforvaltning	94
8.8 Rekneskapssamdrag kap 1590 og 1591 ofr 2013	96

Årsrapport del 1

MØRE BISPEDØME 2013

– EI TILSTANDSVURDERING



Giske kyrkje - frå middelalderen

HOVUDMÅL	<p>«Hovedmålet for bevilgningene til Den norske kirke er å legge forholdene til rette for at Den norske kirke skal kunne opprettholdes og føres videre som folkekirke. Folkekirken kjennetegnes ved at den er nærværende i alle landets lokalsamfunn, at den samler bred deltagelse og oppslutning, og at den er relevant for kirkens medlemmer gjennom livet.»</p> <p>Målet for bevilgningene til prestetjenesten er at alle menigheter i Den norske kirke skal være betjent av prest, slik at kirkens medlemmer har tilgang på kikens tjenester i menighetene der de bor.»</p> <p>(Departementet sitt tildelingsbrev for 2013)</p>
-----------------	--

1.1 **Tilstandsvurdering, strategiar og utfordringar**

Vi hadde ein draum om at vi i september 2013 kunne presentere Møre bispedøme som ein vital 30-åring med stor livsglede, - at bispedømet som vart etablert for 30 år sidan, tenkjer langsigtig og er godt i gang med å bygge for framtida. Dette blir stadfesta gjennom alle dei jubileumshelsingar som kommunar og kyrkjelydar har gitt på Møre bispedøme sine heimesider.

Vi har framleis ein draum om at «folkekyrkja» i Møre kan stå fram som ei tydeleg kyrkje i dei ulike lokalsamfunna og vi bed om medarbeidarar og kyrkjelydar som er trygge og tydelege i sin bodskap. Trygge og tydelege i ord og handling på det som er kjernen i trua vår!

Vi kan gle oss over at Møre har fått ein betre balanse i kjønn- og alderssamansettinga blant prestar.

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Rapporteringa er forankra i desse ved at dei blir attgjevne innleiingsvis under kvart avsnitt der det er relevant. Visjonsdokumentet for Møre bispedøme ligg også til grunn.

Kyrkja i Møre står sterkt – kristentrua enda sterkare.

Møre bispedøme er geografisk samanfallande med Møre og Romsdal fylke og har 36 kommunar med tilsaman 261.500 innbyggjarar. Ålesund, Molde og Kristiansund er dei største byane, med til saman om lag 97 000 innbyggjarar. Volda/Ørsta og Herøy/Hareid/Ulstein er av dei større bygdebyane med om lag 41 000 innbyggjarar. 10 av kommunane har under 3000 innbyggjarar. Folketalet i Møre og Romsdal har auka med 6 % dei siste 20 åra. Aukinga skjer i hovudsak i dei nemnde byane/bygdebyane eller i kommunar i nær tilknytning til desse. I 8 av dei 10 minste kommunane er det folketalsnedgang. Ei middels folketalsutvikling dei neste 20 åra vil gje eit folketal på nærmare 300 000 innbyggjarar i fylket, eller ein vekst på 20 %.

Om medlemstal


Møre er mellom dei bispedøma der delen av innbyggjarar som er medlemer av Den norske kyrkja er høgast. 83,4 % er kyrkjemedlemmer i Møre mot 74,9 % i snitt for heile landet.

Medlemstalet i Den norske kyrkja er stabilt i Møre, men med eit auka folketal viser andelen medlemmer ein svakt synkande tendens.

Tabell 1.1: Utvikling av medlemstal i Den norske kyrkja i Møre bispedøme


	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Medlemer	224142	221689	221186	220539	219011	218562	217751	218004
Folketal	245385	246772	248727	251262	253904	256628	259404	261530
Medlemsprosent	91,3	89,8	88,9	87,8	86,3	85,2	83,9	83,4

Diagram 1.2: Utvikling av medlemstal og folketall i Den norske kyrkja i Møre bispedøme



Det har vore ein reduksjon i medlemstalet i høve til folketalet på 4,4 %-poeng sidan 2009. Det inneber at folketalsaukinga ikkje har ført til fleire medlemmer i Den norske kyrkja. Mye av grunnlaget for folketalsauken er knytt til arbeidsinnvandring, særleg i verftsindustri og byggebransje. Av dei 16,6 % som ikkje er medlemer av Den norske kyrkja, er mange medlemer av andre kristne trussamfunn og frikyrkjelege fellesskap. Vi ser og døme på at innflyttarar med ein annan, kristen trusretning gjer seg bruk av tenester i Den norske kyrkja.

Diagram 1.3 Fordeling av medlemmer mellom prosti og medlemstal i prostia, utvikling i tal



Prostiet med høgst medlemstal er Nordre Sunnmøre med om lag 58 000 medlemmer. Søre Sunnmøre, Ytre Nordmøre og Molde domprosti har 33 – 40 000 medlemmer kvar. Dei med færrest medlemer er Indre Romsdal, Indre Nordmøre og Austre Sunnmøre med mellom 15 – 20 000 medlemer.

Om kyrkjelege handlingar

Møre fekk tidleg eit «kristent stempel» på seg. Det skjedde lenge før bispesetet vart lagt til Molde, ja endå til Bjørgvin eller Nidaros. Kulisteinen på Smøla er rekna som eit av dei tidlegaste skriftlege teikna på kristendomens innpass i landet vårt: «Tolv vintrar hadde kristendomen vore i Noreg».

I Møre står kristentrua framleis sterkt og det innverkar på Den norske kyrkja sin plass for den einskilde og i lokalsamfunna.

Nokre faktiske og relative tal i høve til dei kyrkjelege handlingane dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd:

Tabell 1.4: Utvikling av kyrkjelege handlingar i Møre bispedøme, faktiske tal

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Dåp	2 810	2 688	2 845	2 829	2 751	2 621	2 585	2 566	2 338
Konfirmanter	2 859	2 970	2 861	2 901	2 811	2 848	3 006	2 822	2 723
Vigsel	613	587	666	661	648	605	502	528	501
Gravferd	2 078	2 207	2 370	2 349	2 301	2 248	2 202	2 185	2 229

Tabell 1.5 Utvikling medlemstal og kyrkjelege handlingar, relative tal

	2000	2002	2004	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Dåp i prosent av tal fødde	103,2	103,1	100,1	102,0	101,2	100,3	91,9	93,1	89,7	89,7	84,6
Medlemer i prosent av innbyggjartal				91,3	89,8	88,9	87,8	86,3	85,2	83,9	83,4
Konfirmasjon i prosent av tal 15åringar	84,5	84,4	84,3	83,7	84,0	83,9	82,6	83,4	83,8	81,8	81,5
Kyrkjeleg gravferd i prosent av tal døde	99,4	99,3	97,5	97,7	99,9	99,8	99,1	99,7	98,7	96,0	98,1
Kyrkjeleg vigsel i prosent av inngåtte ekteskap	74,0	70,0	69,8	62,4	62,4	58,2	57,4	56,2	48,0	47,8	47,3

Diagram 1.6 Dåp, vigsler, gravferder og konfirmerte i bispedømet, utvikling i tal





Diagram 1.7 Utvikling tal medlemmer, dåp, vigsler, gravferd og konfirmerte , relativ del



Tal dåpshandlingar går ned både i faktiske og relative tal. Etter å ha vore tett opp mot 90 %, har delen dåp i høve til tal fødte blitt redusert med nærmere 5 %-poeng dei siste 5 åra. Vi ser ein markert nedgang frå 2012 til 2013. Dåpstala går ned i dei folkerike prostia, men er stabile i prosti med færre innbyggjarar og prega av bygder og mindre byar og tettstadar. Vi viser til kap 5 for nærmare drøfting.

Tal konfirmantar er stabilt, men hadde ein topp i 2011. Ser vi på det relative talet ligg det på godt over 80 % av årskullet. Om vi tar utgangspunkt i antal 15-åringar som er kyrkjemedlemmer, vel nærmere 92 % å konfirmere seg.

Talet på vigde i Den norske kyrkja har over tid vist ein nedgang. Ser vi kyrkjeleg vigsel i høve til alle inngåtte ekteskap har det dei siste åra stabilisert seg i underkant av 50 %. I dei folkerike prostia går tala ned, i dei mindre prostia er tala meir jamne. Over tid har alternative vigselsformer blitt utvikla i andre trus- og livssynssamfunn, men det skjer og vigsel i andre bispedøme eller i utlandet.

98 % av alle gravferder i Møre skjer i Den norske kyrkja. Innbyggjarar som ikkje er medlemer vel også kyrkjeleg gravferd. Vi ser at utvikling av alternative gravferdsformer og askespreiing er aukande.


Generelt viser det stabile tal for konfirmasjon og gravferd, med ein nedadgående tendens i høve til dåp og vigsel. Både innbyggjarane og medlemene i Møre er framleis knytte til kyrkja i møte med livsritene, men nokre utviklingstrekk bør vi sjå nærmare på. For utviklinga i dei enkelte prostia, sjå kapittel 7.

Gudstenester

Tabell 1.8: Utvikling av gudstenestetal og tal gudstenestedeltakarar i Møre bispedøme

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Gudstenester sön/helgedagar	3 328	3 470	3 380	3 401	3350	3 219	3215	3 191	3 144
Deltakarar sön/helgedagar	392 802	388 435	376 166	360 920	357 704	344 499	356 446	342 855	332 542
Snitt pr gudstj sön/helgedagar	118	111,9	111,3	106,1	106,8	107	110,9	107,4	105,7
Gudsten. utanom sön/helgedagar	758	752	774	717	735	714	723	730	716
Delt. utanom sön/helgedagar	75 670	71 225	80 238	69 406	79 905	72 033	73 980	76 648	77 319
Snitt pr gudstj utanom sön/helg	99,8	94,7	103,7	96,8	108,7	100,9	102,3	105	107,9


Diagram 1.9 Utvikling deltaking ulike gudstenester



Snittdeltakinga ved gudstenester i Møre er mellom dei høgaste samanlikna med andre bispedømer. Møre bispedøme har eit gledeleg, stabilt frammøte. I snitt er 106 til stades ved kvar gudsteneste på sön- og helgedagar, 108 i snitt utanom sön- og helgedagar. I snitt går kvart kyrkjemedlem i Møre til gudsteneste 1,9 gonger i løpet av eitt år.


Talet på gudstenester på sön- og helgedagar i Møre har hatt ein synkande trend og er i 2013 på 3144. Bakgrunnen for dette er i hovudsak planlagt nedbemannning. 716 gudstenester vart i 2013 haldne utanom sön- og helgedagar. Ut frå presteressursane i Møre er det forordna om lag 3800 gudstenester, fordelt på sön- og helgedagar og på kvardagar. Det blir i snitt berre halde om lag 30 gudstenester utover dei som er forordna. Dette samsvarer godt med revisjonen av forordningstala for alle kyrkjer i Møre i 2011, men har og sin årsak i at den einskilde kyrkjelyden i liten grad har ressursar til å gjennomføre fleire gudstenester enn dei som er forordna.

Diagram 1.9 Gudstenester i Møre bispedøm, utvikling i tal



Når talet på gudstenester går ned, går og det totale deltakartalet ned. Statistikken kan tyde på at folk går til gudsteneste når gudsteneste blir halde, men det kjem ikkje fleire folk om det er færre gudstenester i soknet. Potensialet for å auke gudstenestedeltakinga er å krysse soknegrenser.

Diagram 1.10 Gudstenestedeltakarar i Møre bispedøme, utvikling i tal



Vi viser til kapitel 1 for nærmere omtale. Vi viser til kapitel 7 for tal på prostinivå.

Nattverdeltaking

Tabell 1.12: Utvikling i tal gudstenester med nattverd og nattverddeltaking

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Gudstenester m/nattverd	1 558	1 628	1 579	1 593	1 675	1 751	1 804	1 910	2079
Nattverddeltakarar	64 038	63 860	63 237	60 413	64 417	66 646	71 856	75 576	80798
Snitt pr gudsteneste	41,1	39,2	40	37,9	38,5	38,1	39,8	39,6	38,9

Talet på gudstenester med nattverd har auka med om lag 500 dei seinare åra. 38 % av alle gudstenester var i 2005 med nattverd. I 2013 er dette auka til 54,1 %. Tal på nattverddeltakarar er stabilt.

Møre bispedøme – i stort og smått

I Møre bispedøme er variasjonane mellom sokna store, som tabellen nedanfor viser. I fordeling av ressursar er det ein føresetnad at like tilhøve blir vurderte likt. Med dei store variasjonane i bispedømet er det ei utfordring å vurdere faktorar for ressurstildeling objektivt og rett. Avgjerd om fordeling av ressursar er til sist eit politisk spørsmål på både nasjonalt og regionalt nivå.

Tabell 1.1.13: Gjennomsnitt og variasjonsbredde for nokre variablar i 2013

	Snitt	Soknet med Færrest	Soknet med flest
Medlemmer pr sokn	2 247	71	18059
Gudstenester søn/helgedag pr sokn pr år	32,4	8	113
Snitt tal til gudsteneste søn/helgedag pr år	106	22,8	232,6
Kor mange gonger kvar medlem er til gudsteneste kvart år	1,9	0,8	5,3
Nattverdgudstenester pr år	19,7	2	118
Snitt tal til nattverd	38,5	7,4	116
Dåp pr sokn pr år	24,1	0	149
Konfirmantar pr sokn pr år	28,1	0	223
Vigsel pr sokn pr år	5,2	0	50
Gravferd pr sokn pr år	23	1	146

Innanfor den ressursramma som blir Møre bispedøme til del, er det ei utfordring å nå ut til alle. Ei aukande befolkningsmengd i sentrale strok og reduksjon i folketalet i grisgrendte strok er krevjande å møte i høve til å finne gode løysingar lokalt.

Andre vurderingar og betrakningar

Visjonen for Møre bispedøme er «I Kristus – nær livet, - Rause fellesskap som utfordrar til tru og teneste gjennom gudsteneste, kyrkjemusikk og kultur, misjon, diakoni og trusopplæring.” Gjennom alt dette blir kyrkja styrkt som ei tydeleg folkekirkje. Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement for diakoni, trusopplæring, kyrkjemusikk, kultur og misjon. Med det som utgangspunkt vert det bygd fellesskap som igjen har det store, gudstenestefeirande fellesskapet som mål. Vi ser teikn på haldnings- og åferdsendingar.


Å gi barn og unge trygg identitet handlar og om å bli bevisst sitt eige verdigrunnlag. Når vi er trygge på eigen identitet og eigen ståstad, er det ikkje trugande å møte andre med ein annan identitet eller ein annan ståstad . For nokre veker sidan blei det i «VL-Ytring» gitt uttrykk for at det er vanskeleg å stå fram med eit kristent livssyn. Om det kjem besøk blir Bibelen sett med bokryggen inn fordi ein ikkje orkar å bli gjort ansvarleg for alt som skjer eller blir debattert under ei kristen overskrift. Samstundes viser undersøkingar at bibelkunskapen går ned. I ei tid der verdssamfunnet er i rask endring og religiøse argument blir misbrukte som grunnlag for vald, er det avgjerande at born og unge kan møte omverda med trygg kunnskap og at vi alle møter kvarandre med respekt. Også difor er trusopplæringsreforma viktig, - der Møre på mange parameter har høge tal.

21. mai 2012 vart Grunnlova endra. I 2014 er grunnlova 200 år. I det vidare må vi leite etter kva det betyr for oss som nasjon, når Grunnlova § 2, om statsform , no lyder: «*Værdigrundlaget forbliver vor kristne og humanistiske Arv.*» Kyrkja var arena for dei første demokratiske skrifter i det norske samfunnet. Dette er del av den arven kyrkja er berar av. I det vidare må kyrkja vere med å sette dagsorden for kva for verdiar som skal prege samfunnet vårt. Kva vil vi hegne om og kva er umisteleg?

I det vidare må vi tydelegare skille mellom «livsynsnøytral» og «livssynsopen». Samarbeidet mellom skule og kyrkje er under press, særleg når det gjelder skulegudstenester. Med sine materielle og

åndelige verdiar er kyrkja i Møre limet i mange lokalsamfunn. Kyrkja er den staden folk kan samlast til fellesskap og er ein stad å møte merkesteinane på livsvegen, - i glede og sorg. Vår tid treng ei folkekirkje. Difor står kyrkja sterkt i Møre.

Årsrapport del 2
KYRKJELEG ARBEID – Kyrkjemøtets mål og strategiar
(Kap 1590)



Lansering av ny Salmebok i Aure kyrkje og Aure arena november 2013

HOVUDMÅL	«Den norske kirke skal være en landsdekkende, lokalt forankret kirke, som inviterer mennesker i alle aldre og livssituasjoner til tro og fellesskap. Kirken skal bidra til å styrke lokalsamfunn, målbære menneskeverd et og utfordre til solidaritet. Bevilgningene under kapitlet skal understøtte Kirkemøtets mål for Den norske kirke som en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke.»
A	<p>Kirkerådet og bispedømmerådene skal legge til rette for at Kirkemøtets mål og strategier kommer til anvendelse i menighetene.</p> <p>(Kirkerådet, brev av 06.12.2012)</p>

2.1 Gudstenesteliv og kyrkjemusikk

2.1.1 Gudstenesteliv

Nasjonalt delmål:	«Kirkens gudstjenesteliv skal fornyes slik at det gir rom for større fleksibilitet og valgfrihet i menighetene, mer involvering fra flere deltakere og sterkere stedlig forankring.» (Kirkerådet, brev av 06.12.2012)
Møre bispedøme delmål:	<ul style="list-style-type: none"> - Møte Gud i bøn og forkynning, dåp og nattverd - Skape fellesskap mellom Gud og menneske til hjelp i kvardag og fest - Engasjere og involvere barn, unge og voksne til å utvikle kristen tru og identitet <p>(Møre bispedøme sitt visjonsdokument)</p>

Resultatmål	Resultatindikator
Auka gudstenestedeltaking	Snitt deltaking pr gudsteneste
	Snitt gudstenestedeltaking på søn- og helgedagar
Stabile gudstenestetal	Forordna gudstenestetal

a) Vurdering av måloppnåing

Auka gudstenestedeltaking

Det er ikke grunn til å konkludere med at resultatmålet er nådd. Prostane melder i sine rapportar at gudstenestedeltakinga varierer frå sokn til sokn. Hovudtendensen for gudstenesteoppslutning

synes framleis å vere jamt minkande, trass i at det nokre stadar blir meldt om stabilisert oppslutning og framgang andre stadar. Dei faste kyrkjegjengarane tek nokre stadar sjeldnare del.

Kyrkjestatistikken for Møre inklusive 2013 viser framleis ein fallande tendens i gudstenesteframmøtet på søn-og helgedagar. Statistikken, viser ein stigande tendens i gudstenesteframmøtet utanom søn-og helgedagar. Godt innarbeidde gudstenestetradisjonar for barnehagar, skular og etter kvart ulike aldersgrupper innan trusoplæringa kan vere årsak til det aukande frammøtet til gudstenester utanom søn-og helgedagar.

Stabile gudstenestetal

Målet er berre delvis oppnådd. Vår årsrapport for 2012 uttrykte håp om at gudstenestetala ville stabilisere seg når dei nye forordningane frå 01.01.2012 får festa seg. Vi ser enno ikkje forventa effekt. Fire prosti har innført lokale grunnordningar i alle sokn. Tre prosti har enno ikkje fullført innføringsarbeidet. Følgjande fire element er grunnleggande byggesteinar for utvikling av gode gudstenestetradisjonar og samarbeidstilhøve mellom interne og eksterne aktørar i sokna: a) Stabile gudstenestetal i samsvar med biskopens forordning. b) Regel for kor ofte dei ulike typane hovugdustenester skal feirast i kvar av kyrkjene. c) Regel for kvar høgtidsdagane skal feirast. d) Integrering av trusoplæring og andre planar i gudsteneste-livet. Stabile gudstenestetal i samsvar med biskopens forordning er grunnmuren som dei tre andre elementa skal byggast på.

Dei nye forordningstala er tilpassa vedtaket frå 2006 om prestestillingar i Møre og tek omsyn til ferie- og fridagsreglementet.

Tendensen for gudstenestetala søn- og helg er framleis fallande. Tendensen utanom søn- og helg er heller ikkje stabilisert. Det vart i 2012 forretta langt fleire gudstenester utanom søn- og helg enn det biskopen har forordna, men både i 2012 og 2013 fell dette talet noko. Dette kan tyde på at forordningstala frå 01.01.12 for gudstenester utanom søn- og helg ligg for lavt.

Det er i hovudsak to grunnar til avvik i 2013: Vakansar og sjukefråvær. Når det gjeld vakansar kan det seiast følgjande: Nokon av vakansane skuldast arbeidet med revisjon av stillingsheimlar i prostia. Til dømes har prostia Austre Sunnmøre og Søre Sunnmøre hatt vanskar med å innfri biskopens gudstenesteforordning av denne grunn. Det har teke tid å avklare ulike spørsmål i revisjonsarbeidet, noko som har ført til behov for vikarar i samsvar med biskopens forordningstal. Gudstenesteregularitet i samsvar med biskopens forordningar og kyrkjelydens retningsliner for årsplan, kan under slike tilhøve vere særskrevjande å oppretthalde. Det same gjeld for prostia Indre- og Ytre Nordmøre på grunn av vakansar og redusert presteressurs i nokre av sokna.

b) Tiltak som er valde for å nå måla

Auka gudstenestetal

Prostane melder i sine rapportar at nokre sokn er i ferd med å gjere sine første erfaringar med involvering av medliturgar, kyrkjevertar og forsongargrupper. Andre sokn har lang erfaring med uløna medarbeidarar. Nokre samarbeidsområde har valt felles lokale grunnordningar for å forenkla den liturgiske og kyrkjemusikalske tilnærminga. Andre samarbeidsområde prøver mange variantar. Mange sokn har etablert nattverd med utdeling ved to stasjonar, den eine med intinksjon, etter oppmoding frå biskopen. Dei aller fleste sokn nyttar trykte program.

Stabile gudstenestetal

Forordningstala er enno ikkje justert for dei prostia som har fått endra stillingsheimlar i samband med revisjonsarbeidet.

c) **Resultat som tiltaka har ført til.**

Tabell 2.1.1: Utvikling av gudstenestetal og gudstenestedeltakarar i Møre bispedøme.

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Gudstenester søn/hel	3 470	3 380	3 401	3350	3 219	3215	3 191	3 144
Endring i tal							-24	-47
Deltakarar søn/hel	388 435	376 166	360 920	357 704	344 499	356 446	342 855	332 548
Endring i tal frå året før		-12 269	-15 246	-3 216	-13 205	+11 947	-13 591	-10 307
Snitt pr gudstj søn/hel	111,9	111,3	106,1	106,8	107	110,9	107,4	105,7
Snitt pr medlem i Møre							1,92	1,88
Gudst. utanom søn/hel	752	774	717	735	714	723	730	716
Endring i tal frå året før							+7	-14
Delt. utanom søn/hel	71 225	80 238	69 406	79 905	72 033	73 980	76 648	77 319
Endring i tal		+8 983	-10 832	+10 499	-7 872	+1 947	+2 668	+671
Snitt pr gudstj	94,7	103,7	96,8	108,7	100,9	102,3	104,9	107,9

Auka gudstenestedeltaking

Prostane melder i sine rapportar at det synes å vere ein generell trend at små sokn samlar gjennomsnittleg fleire enn store sokn. Nattverddeltakinga er stigande der det blir arbeidd med tilrettelegging. Nattverd med intinksjon synes å ha positiv verknad på nattverdsøkinga.

Når det gjeld involvering av medliturgar melder nokre prestar om utfordringar. Det gjeld mellom anna behovet for endring av arbeidsrutinar og meir tid til samhandling. Kyrkjelydane synes i hovudsak å oppleve involvering som noko positivt. Dei ulike lokale grunnordningane er utfordrande for vikartenesta. Ny kyrkjemusikk synes å vere meir krevjande enn liturgiske variantar. "Gjester" ved dåp og konfirmasjon kan kjenne seg framandgjorde og ekskluderte. Enkelte stader har reformarbeidet ført til usemje og konflikt. "Maksimumsvariantane" melder om slitasje grunna nyt materiale, men òg om glede – når folk lærer det nye. Gudstenester i samband med trusopplæringa gir borna og familiane deira eit eigarskap til kyrkja, jf øvst s 16.

Tabell 2.1.1 viser at snitt deltakarar pr. gudsteneste på søn- og helg fall frå 107,4 i 2012 til 105,7 i 2013. Snittfallet er eit resultat av reduksjonen i gudstenestetalet i høve til 2012, samstidig som fallet i gudstenestedeltakarar er vesentleg, om enn noko mindre enn i 2012. Årsrapport 2012 uttrykkjer uro over at dette skjer samtidig som kyrkjelydane innfører nye lokale grunnordningar. Det er framleis grunn til uro.

Tendensen for gudstenester utanom søn- og helg synes å vere stigande. Snittet pr. gudsteneste stig frå 104,9 i 2012 til 107,9 i 2013. Snittauken er eit resultat av ein reduksjon på 14 gudstenester i høve til 2012, men ein liten auke i frammøtetatalet på 671 i høve til 2012. Ein av årsaken til snittauken kan vere godt innarbeidde gudstenestetradisjonar for barnehagar, skular og i stigande grad også for aldersgrupper innan trusopplæringa. Dersom dette er grunnen, då gjer Møre klokt i å leite etter liknande suksessfaktorar for gudstenestene på søn- og helg.

Tabell 2.1.1 viser òg at snittet av det totale frammøte til alle gudstenester i høve til kyrkjemedlemane i Møre er fallande frå 1,92 i 2012 til 1,88 i 2013. Dette er eit uttrykk for at auken i frammøte utanom søn- og helg ikkje er stor nok til å motverke falle i frammøte på søn- og helg.

Tabell 2.1.2: Utvikling i tal gudstenester med nattverd og nattverddeltaking

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Gudstenester m/nattverd	1 558	1 628	1 579	1 593	1 675	1 751	1 804	1 910	2079
Nattverddeltakarar	64 038	63 860	63 237	60 413	64 417	66 646	71 856	75 576	80798
Snitt pr gudsteneste	41,1	39,2	40	37,9	38,5	38,1	39,8	39,6	38,9

Tabell 2.1.2 viser ein stabil nattverddeltaking dei fem siste åra. Landsgjennomsnittet er 41 personar for både 2012 og 2013 i flg. KIFOs tilstandsrapport. Framleis trur vi at aukande nattverdfrekvens og meir bruk av intinksjon, i samsvar med biskopens tilråding, har innverknad på resultatet. Desse to tiltaka må halde fram og styrkast.

Stabile gudstenestetal

Tabell 2.1.3: Utvikling av gudstenestetal i høve til gudstenesteforordning av 01.01.2012.

	Gudst sön- og helg	Gudst utanom sön- og helg	Sum gudstenester
Forordning 01.01.12	3 207	636	3 843
2012	3 191	730	3 921
Endring i høve til forordning	-16	+94	+78
2013	3 144	716	3 860
Endring i høve til forordning	-63	+80	+17

Det er svært viktig å finne den rette balansen mellom bispedømerådets vedtekne stillingstal og biskopens gudstenesteforordning. Det gjeld både gode arbeidstilhøve for prestane, minst mulig behov for vikarar og eit stabilt grunnlag for god langtidsplanlegging i sokna. Ein hovudfaktor det må takast omsyn til er prestane sine ferie- og fridtsrettar. Desse rettane er som nemnt innarbeidd i forordningstala for kyrkjene. Det skulle altså ligge til rette for rask stabilisering av gudstenestetala, når alle innførte dei nye forordningstala i 2012 og justerte gudstenestetala i kyrkjene deretter.

Tabell 2.1.3 viser at talet på gudstenester sön- og helg likevel er fallande i høve til forordninga. Vi ser ein reduksjon frå 16 gudstenester i 2012 til ein reduksjon på 63 i 2013. Det er urovekkjande. Det kan gi inntrykk av at det blir tatt ut fleire helgefri enn prestane har krav på. Årsaken kan også vere vakansar til dømes i samband med revisjon av stillingsheimlar og sjukdom. Mykje tyder på at det i hovudsak er vakansar av ulik årsak som slår mest inn.

Talet på gudstenester utanom sön- og helg viser også ein fallande tendens frå pluss 94 til pluss 80. Samstundes viser Tabell 1.1.3 at samla gudstenestetal utanom sön- og helg, heilt frå 2006 ligg generelt mykje høgare enn biskopens forordning. Det kan tyde på at forordningstala frå 01.01.12 for gudstenester utanom sön- og helg ligg for lavt.

Det er svært viktig å få sluttført revisjon av stillingsheimlar slik at ein får oversikt over kor mange stillingsheimlar og tenestestadar ein har i kvart prosti. Talet på stillingsheimlar og tenestestader, som skal vedtekast av bispedømerådet, er grunnlaget for kor mange gudstenester biskopen kan forordne i kvar av kyrkjene. Det gjeld både gode arbeidstilhøve for prestane, minst mulig behov for vikarar og eit stabilt grunnlag for god langtidsplanlegging i sokna. Biskopens forordningstal skal fungere som stabiliserande hovudfaktor i gudstenestelivet i minimum 5 år framover.

d) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Gudstenester

Det store spørsmålet er korleis Møre kan snu den fallande trenden. I årsrapport for 2012 og no i 2013 blir det peika på grunnlaget for utvikling av gode gudstenestetradisjonar og samarbeidstilhøve mellom interne og eksterne aktørar i sokna. Vårt mest grunnleggande tiltak er samspelet mellom bispedømerådets vedtak om stillingsheimlar og tenestestadar og biskopens forordna gudstenestetal. Der det er vakanse eller sjukdom, skal det settast inn tiltak som i størst mogleg grad opprettheld biskopens forordningstal. Der det er reduksjon i stillingsheimlar i samband med revisjon, skal biskopens forordningstal endrast i samsvar med endring i stillingsheimlar. På følgjande to hjørnestinar skal Møre bispedøme halde fram med gudstenestearbeidet, innanfor rammene av nye lokale grunnordningar, a) bispedømerådets vedtekne stillingsheimlar og

tenestestadar, b) biskopens gudstenesteforordningar. Vi har framleis tru på at desse tiltaka vil snu fallande tendensar.

Nattverddeltaking

Vi gled oss over positiv utvikling. Vi vidarerfører dei to tiltaka som vi trur verkar vekst: a) Aukande nattverdfrekvens og b) meir bruk av intinksjon. Samstundes er den universelle tilpassinga viktig. Vi skal legge godt til rette for alle som ønskjer å ta del.

Lokale grunnordningar

Seks sokn fordelt på tre prosti har enno ikkje innført lokale grunnordningar. Prostane leier det lokale arbeidet med gudstenestereforma, men det viser seg at sokneprestane er svært sentrale i innføringsarbeidet både som saksutgreiarar og rådgjevarar for gudstenesteutval og sokneråd. Det er ikkje meldt inn nokon sokn som søker om fritak frå innføring av ny lokal grunnordning. Det er difor framleis naturleg å etablere eit samarbeid mellom prostane i desse tre prostia og leiargruppa for gudstenestereforma. I dette fora er det mogleg å etablere grunnlag for nye tiltak.

2.1.2 Kyrkjemusikalsk arbeid

Det er eit stort og omfattande kyrkjemusikalsk arbeid i kyrkjelydane i bispedømet. Dette gjeld i gudstenester og ved kyrklege handlingar, men også gjennom eit omfattande korarbeid, instrumentale ensemble, forsongargrupper, grupper for spedbarsong og gjennom kultur og konsertverksemrd.

Kyrkjemusikarane (kantorane og organistane) er ein sentral ressurs i dette arbeidet. Dei utfører ei viktig kyrkjelydsbyggande verksemd og medverkar til samarbeid, frivillig engasjement og brubygging mellom kyrkja og det øvrige samfunns- og kulturlivet.

Tabell 2.1.4: Oversikt over kor og konsertverksemrd

	2012	2013
Tal på barnekor	68	70
Medlemmar barnekor	1338	1358
Tal på vaksenkor	44	53
Medlemmar vaksenkor	826	886
Tal på konsertar arrangert av kyrkjelydane	300	325
Publikum	36635	44772
Tal på konsertar i kyrkjene arrangert av andre	206	211
Publikum	47775	38900

Styrking av det kyrkjemusikalske arbeidet

Møre bispedømme har eit aktivt kyrkjemusikalsk råd. Rådet arrangerer faglege samlingar for kantorar og organistar, gjev faglege råd til biskop og bispedømmeråd i orgelsaker og kyrkjemusikalske saker, medrekna liturgiske og salmebok-relaterte spørsmål knytte til gudstenestereforma og anna kyrkjemusikalsk utviklingsarbeid.

Kyrkjemusikalsk råd har dette året arrangert to heildags fagsamlingar for organistar og kantorar i bispedømmet med ulike tema innanfor kyrkjemusikk og kultur. Fagsamlingane for kyrkjemusikarane er godt innarbeidde, og deltakinga er god.

Plan for kyrkjemusikk har vore drøfta på fagdag for kyrkjemusikarane og er også tema ved visitasar og i annan kontakt med kyrkjelydane. Statistikken for 2013 viser at talet på sokn som har utarbeid egne kyrkjemusikkplanar er aukande.

2.2 Trusopplæring og undervisning

Nasjonalt

delmål: «Trosopplæringsreformen skal videreføres, med sikte på å utvikle et systematisk og sammenhengende trosopplæringstilbud for alle føpte mellom 0 og 18 år.»
(Kirkerådet, brev av 06.12.2012)

Møre bispe-

- døme delmål:**
- Gjere trua på den treeininga Gud kjent og erfart
 - Planmessig opplæring av alle døypte 0 – 18 år
 - Gje barn, unge og vaksne hjelp til å leve som kristne
(Møre bispedøme sitt visjonsdokument)
 - Utvikle samarbeidet kyrkje – skule/barnehage

Resultatmål	Resultatindikator
Auke utbreiinga av trusopplæringsreforma	Tal kyrkjelydar som har fått trusopplæringsmidlar i 2013
Omfangen av trusopplæringstilbodet i kyrkjelydane	Gjennomsnittleg tal timer trusopplæringstilbod i kyrkjelydar med godkjent plan
Oppslutning om trusopplæringstilboda	Snitt deltakartal ved eit utval av trusopplæringstilbod i kyrkjelydar med godkjent plan
Auke tal kyrkjelydar med godkjend plan	Tal godkjende planar

a) **Vurdering av måloppnåing**

Samarbeid kyrkje – skule/barnehage

Målet har vore å ha eit ope og ryddig samarbeid med skulen og barnehagane. Det er dei lokale kyrkjelydane som har ansvaret for dette arbeidet, men bispedømekontoret gjer vårt for å informere om gjeldande regelverk på området. Dette har vi forsøkt å gjennomføre ved å informere dei kyrklege tilsette og rektorar/lærarar/førskulelærarar gjennom møter på visitasen. Målet vårt er også å opprette ei heimeside med nyttig informasjon og regelverk på området.

Trusopplæring

Vi reknar måla som i stor grad oppnådde, men ser behov for å følgje opp slik at den gode trenden kan halde fram.

b) **Tiltak som er valde for å nå måla**

Samarbeid kyrkje-skule/barnehage

Utgangspunktet vårt er at vi kjem ut med felles informasjon når det er noko nytt i regelverket. Sidan regelverket har halde seg stabilt dei siste åra har det ikkje vore nokon felles informasjon dette året. Vi har derimot brukta lærarmøter på visitasane som arena for å nå ut med informasjon. Då har biskopen og undervisningsrådgjevar innspel på kva som legg rammer for eit godt samarbeid

mellom kyrkja og skulen/barnehagane. Det er ofte uklart kva som er lov og ikkje, noko vi sett sjøkjelys på gjennom å vise til regelverk. Samstundes viser vi til aktuell litteratur som opnar opp for ulike og spanande metodar for samarbeid. Vi har også laga ein «huskelapp» med linkar til aktuelle nettstader. Elles har biskopen svara med leserinnlegg i Romsdals Budstikke angåande julegudstenester i skulesamanheng.

Trusopplæring

Vi har hatt fokus på 4 område når det gjeld vidare utbygging av trusopplæringsarbeid:

1. Vi fekk midlar til å gjennomføre trusopplæringsreform i Austre Sunnmøre prosti og har køyrt oppstartsprosessen i alle kyrkjelydane i prostiet.
2. Vi har gjort eit omfattande arbeid med å godkjenne 28 lokale trusopplæringsplanar etter at vi i eit prosti hadde komne litt på etterskudd med godkjenning i 2012.
3. Vi har hatt fokus på undervisningsmedarbeidarar. For å kunne ha eit godt og solid trusopplæringsarbeid i kyrkjelydane trengst det godt kvalifiserte medarbeidarar. I samarbeid med Høgskulen i Volda, med kyrkjeleg undervisningsforbund og med kyrkjeverjelaget i Møre har vi arrangert ein fagdag med fokus på utdanning og etterutdanning.
4. Vi har vore medarrangør i tverrfaglege fagdagar med fokus på salmar i trusopplæring og dåpsopplæring for vaksne. Dette har også auka kunnskapen hos dei tilsette.

Trusopplæring - utbreiing

Møre bispedøme fekk i 2013 tildelt midlar til å gjennomføre trusopplæringsreform i Austre Sunnmøre. Med dette fekk 5 nye kyrkjelydar trusopplæringsmidlar medan 5 kyrkjelydar gjekk frå prosjekt til gjennomføring. Det står att 2 prosti som ikkje har fått tildelt midlar til gjennomføring av trusopplæringsreforma.

Tabell 2.2.1 Trusopplæring – status for kyrkjelydane 31.12.2013

Kyrkjelydar totalt i Møre	97
Kyrkjelydar i gjennomføringsfasen (fått tildeling og jobbar fram mot godkjenning av lokal plan for trusopplæring)	10
Kyrkjelydar i driftsfasen (kyrkjelydar med godkjent lokal plan for trusopplæring)	57
Kyrkjelydar i mellomfasen (kyrkjelydar som tek imot prosjekttildeling)	3
Kyrkjelydar heilt utan tildeling av trusopplæringsmidlar	21

c) Resultat som tiltaka har ført til.

Samarbeid kyrkje-skule/barnehage

Vi opplever at kyrkja har gode møtestader med lærarar, førskulelærarar og skuleleiing på visitasane. Der får vi oppklart viktige saker rundt regelverk og grensene for samarbeid. På eit lærarmøte vart kyrkja invitert til å samarbeide med skulen om korleis ein kan møte born som slit med ulike utfordringar. Slik sett ser vi at desse møtene er viktig for å opne opp for endå meir samarbeid enn det som allereie er der.

Trusopplæring - gjennomførte timer

Litt over halvparten av kyrkjelydane i Møre bispedøme driv trusopplæring etter ein godkjent lokal plan for trusopplæring. Dei godkjente planane har i snitt 294 timer. Dei aktive planane viser at det var planlagt å gjennomføre i snitt 247 timer i 2013. Kyrkjelydane med godkjent plan har i snitt gjennomført 214 timer med trusopplæring. I forhold til det nasjonale målet om 315 timer med trusopplæring har kyrkjelydane ei måloppnåing på 68% når det gjeld gjennomførte timer.

Vi har hatt fokus på rettleiing i kyrkjelydane når det gjeld skilnad mellom kontinuerlege tiltak og breddetiltak. Godkjenningss prosessen i heile 28 kyrkjelydar har ført til ein del opprydding i planane

og nokre planar har blitt godkjent med litt færre timer enn årene før. Nedgangen i talet på gjennomsnittleg timer tilbuddt og gjennomført er resultat av denne kvalitetssikrande prosessen.

Tabell 2.2.2 Timebruk i trusopplæringa, gjennomsnitt pr sokn

Planlagde timer i 2011, gjennomsnitt	Gjennomførte timer i 2011, gjennomsnitt	Planlagde timer i 2012, gjennomsnitt	Gjennomførte timer i 2012, gjennomsnitt	Planlagde timer i 2013, gjennomsnitt	Gjennomførte timer i 2013, gjennomsnitt
336	245	336	299	247	214

Trusopplæring - oppslutning om tiltaka

I kyrkjelydane med godkjent plan er det ei gjennomsnittleg oppslutning på 63% om dei gjennomførte tiltaka. I forhold til 2012 der oppslutninga var 50% er dette ein oppgang vi er glad for. Samanlikna med 2011 er det likevel ein nedgang, og svingingane er relativ store. Grunnen til dette er at talet på kyrkjelydar med godkjend plan har auka frå år til år. Dermed er det ikkje mogleg å lese ut nokre retningsgjevande tendensar om oppslutninga enno.

Tabell 2.2.3 Gjennomsnittleg ppslugnad om trusopplæringstiltak

Oppslutning	2011	2012	2013
	Prosent	Prosent	Prosent
Dåpssamtale	94 %	100 %	119 %
4 årsbok	67 %	56 %	63 %
6 år	52 %	38 %	43 %
Tårnagenthelg	45 %	27 %	33 %
LysVåken	54 %	30 %	36 %
Konfirmasjon	93 %	96 %	94 %
Etter Konfirmasjon	44 %	13 %	35 %
TOTALT	71 %	50 %	63 %

d) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Samarbeid kyrkje-skule/barnehage

Målet vårt er å utvikle heimesida vår med nyttig informasjon, og linkar til aktuelle nettstader slik at der vert lett for både kyrklelege tilsette og tilsette frå skule og barnehage å oppdatere seg.

Trusopplæring

I framtida vil det vere viktig å kvalitetssikre planane med fokus på å nå ut til bredden og auke oppslutninga rundt tiltaka som er fastsette i planen. Ein strategi for å nå dette kan vere å hjelpe kyrkjelydane å samkøyre noko av kommunikasjonsarbeidet i trusopplæringa.

2.3 Diakoni

Nasjonalt delmål:	«Menighetenes diakonale omsorgstjeneste skal styrkes, slik at den kommer til uttrykk gjennom nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet.» (Kirkerådet, brev av 06.12.2012)
Møre bispedøme delmål:	<ul style="list-style-type: none"> - Forbøn og oppsøkande omsorg for enkeltmenneske og grupper i kyrkjelyd og lokalsamfunn - Verne om skaperverket og kjempe for rettferd - Skape møteplassar med låg terskel til fellesskap og sjelesorg (Møre bispedøme sitt visjonsdokument)

Resultatmål	Resultatindikator
Auke talet på diakonar	Tal sokn som har diakonal teneste
Auke talet på kyrkjelydar som har vedteke lokal diakoniplan	Tal sokn som har vedteke lokal plan
Styrke den diakonale kompetansen mellom dei tilsette i kyrkjelydane	Fleire prestar og trusmedarbeidarar som deltek på diakonifaglige kurs i Møre bispedøme

a) Vurdering av måloppnåing

Det har kome til ei ny diakonstilling i 2013, men det er i grunnen ei flytting av diakonstilling innanfor same prosti, så ein kan ikkje sei at målet om auke i talet på diakonstillingar er nådd. Det har vore ført samtaler om diakonstillingar med fleire kommunar i samband med visitasar, utan at dette har ført til etablering av nye stillingar.

Talet på vedtekne diakoniplanar viser ein liten auke frå i fjar. Her må det arbeidast målretta dersom vi skal få ein vesentlig auke.

Fagdagen med Torborg Allen Leenderts om «Gud og det vonde» samla 40 deltakrar frå fleire fagområder i kyrkja. Både prestar, diakonar og trusmedarbeidarar gav gode tilbakemeldingar på seminaret.

Ressursgruppa for skaperverk og berekraft har jobba målretta for å motivere fleire kyrkjelydar til å ta del i «klimakampen». Resultata er no i ferd med å vise seg ved at fleire kyrkjelydar i Møre har sett i verk tiltak og vedteke handlingsplanar for lokalt engasjement i tråd med krava til «Grønne menigheter».

b) Tiltak og resultat

Diakonal kompetanse i Møre bispedøme

Tabell 2.3.1 viser ein auke i vigsla diakonar frå 10 til 11 det siste året. Diakonstillinga i Stranda, som har stått vakant i 2 år vart flytta til Skodje, Ørskog og Stordal der det også vart gjort vedtak om tilsetting kort tid etterpå. Ved årsskiftet er stillinga i Sula vakant, men tilsettingsprosessen er i gang.

Tabellen tek ikkje med diakonar tilsett i diakonale organisasjonar som Kirkens Nødhjelp, Kirkens SOS, Kirkens bymisjon Møre og Blå Kors. Møre bispedømeråd har faste representantar i representantskapet i alle desse organisasjonane utanom Blå Kors – og dei representerer alle viktige samarbeidspartnarar for kyrkjelydane. Diakoniorganisasjonane sitt arbeid når utover trusfellesskapet, og dei spelar derfor ei viktig rolle både ved å utfordre frivillige til å ta del i arbeidet, og ved at dei gir konkret hjelpe til enkeltmenneske som har det vondt.

Tabell 2.3.1: Diakonar i Møre bispedøme, etter prosti og kompetanse. (Tal for 2012 i parentes)

	SS	NS	AS	MD	IR	IN	YN	Sum
Vigsla diakonar med tilsettingsbrev	1 (1)	5 (5)	1 (1)	1 (1)	2 (2)		1 (1)	11 (10)
Vigsla diakonar i permisjon					0 (1)			0 (-1)
Vakante diakonstillingar		1 (0)	0 (1)					-1 (-1)
Diakoniarbeidrar i 50 % stilling eller meir	0 (1)	3 (3)	0 (1)	1 (0)		2 (1)	1 (1)	7 (7)
SUM	1 (3)	(8)	1 (2)	2 (3)	(2)	2 (1)	2 (2)	18 (20)

Kyrkjemøtet har vedteke ei målsetting om at alle kyrkjelydar skal ha tilgang på diakonal kompetanse innan 2020. I vedtaket vert ikkje «diakonal kompetanse» nærmere definert, noko som gjer vedtaket utydelig. For det er sjølv sagt stor skilnad på ein kyrkjelyd som deler diakoniarbeider i 20% stilling med fleire andre kyrkjelydar, og eit sokn som har vigsla diakon i 100% stilling for seg sjølv. Tabell 2.3.2 viser tydelig at tilgang på diakonal kompetanse er svært ulik mellom prostia i Møre. Sett i samanheng med tabell 2.3.1 kjem det også fram at nokre diakonar/diakoniarbeidrar har ansvar for mange kyrkjelydar, som i Indre Nordmøre prosti, og i Indre Romsdal prosti.

Det er viktig å presisere at mange diakoniarbeidrarar som ikkje fyller kompetansekrava til å bli vigsla diakon, likevel har svært høg formell og reell kompetanse. Det er eit klart behov for at det i framtida finst ein alternativ veg til vigsling for diakonar på same måten som for prestar. Vårt fokus på formell kompetanse på det diakonale området må heller ikkje overskygge at svært mange frivillige gjer ein uvurderlig diakonal innsats, og at det mange stader er frivillige som ber diakoniarbeidet i kyrkjelyden. Ofte vil likevel ein tilsett diakon medføre betre oppfølging av frivillige – og dermed også styrke den frivillige diakonien.

Tabell 2.3.2: Tilgang på formell diakonal kompetanse i sokna pr. des. 2013 etter kompetansenivå og prosti. Tal sokn i kvart prosti på kvart kompetansenivå. Tal for 2012 i parentes. (N=97)

	Kompetansenivå	Tal kyrkjelydar							Sum
		SS	NS	AS	MD	IR	IN	YN	
1	Vigsla diakonar	4 (4)	8 (8)	3 (0)	4 (4)	11 (7)		1 (1)	31 (24)
2	Diakoniarbeidrarar, som ikkje er vigsla, men som har minimum 3 års utdanning innanfor helse/sosial eller pedagogikk (100 % stilling)	1 (1)	1 (1)	2 (0)	1 (1)	0 (4)	6 (6)	1 (1)	12 (14)
3	Diakoniarbeidrarar i 50 % stilling eller meir		5 (5)						5 (5)
4	Diakoniarbeidrarar i stillingar mindre enn 50 %	4 (4)		1 (1)				3 (3)	8 (8)
	SUM, kyrkjelydar med tilgang på diakonal kompetanse. (N=97)	9 (9)	14 (14)	6 (1)	5 (5)	11 (11)	6 (6)	5 (5)	56 (51)

Diakoniplanar

I årsrapporteringa frå kyrkjelydane for 2012 var det 51 kyrkjelydar i Møre med diakoniplan som var godkjend av soknerådet. For 2013 er talet auka slik at 53 av 97 kyrkjelydar har vedteken diakoniplan. Målsettinga bør vere at 80% av kyrkjelydane har vedteken diakoniplan. For å nå denne målsettinga må bispedømekontoret ha ein tettare dialog med kyrkjelydane om denne saka.

c) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Som nemnd i årsmeldinga for 2012 bør Møre bispedøme vurdere ein ny strategi for å auke talet på diakonstillingar i bispedømet. Vi må vere meir aktive og söke samarbeid med kommunane for å finne ein felles plattform for etablering av nye stillingar. Både Tingvoll, Surnadal og Molde er positive til etablering av nye diakonstillingar – men trong kommuneøkonomi medfører at kommunane er tilbakehaldne med å sette av midlar til nye stillingar. Der er gode eksempel frå andre stader i landet der ein har fått kommunale midlar, som er sett av til gjennomføring av «Samhandlingsreformen», til diakonstillingar med fokus på førebyggande ungdomsarbeid, eller palliativ omsorg på sjukeheim eller i heimebasert omsorg.

Vi bør også vidareføre dialogen med Kirkens Nødhjelp og prostia med tanke på etablering av ei prostidiakonstilling i Møre. Både Søre Sunnmøre prosti og Domprostiet kunne etter vårt syn eigne seg til ei slik stilling.

d) Risikovurdering – tap av fagleg kompetanse i diakonstillingar

Frå bispedømerådet si side er vi opptekne av at tilskotsmidlane til kyrkjelig undervisning og diakoni skal fremme faglig kompetansebygging på desse områda, og at tilsetting og vigsling heng nøyne saman. Stort sett er dette ei forståing fellesråda deler med oss. Men der er ein reell risiko for at fellesråda av ulike grunnar ønskjer å tilsette søkjrar som ikkje fyller kompetansekrava for diakonar.

Det er størst sjanse for slik tilsetting utanfor byane, der søkjjarane er få. Dessutan er det mange kyrkjelydar som er ute etter tilsette til trusopplæring, og dersom ein søker til ei diakonstilling har slik kompetanse, kan det vere freistande å sjå bort frå manglande diakonifagleg kompetanse. Ein skal heller ikkje undervurdere økonomiske sider ved saka. Enkelte fellesråd kan bli freista til å sjå mellom fingrane på kompetansekrava dersom dei får ein medarbeidar som kan gjere ein god jobb med lågare løn enn tariffesta diakonløn.

Konsekvensane dersom ein fyller fleire av diakonstillingane med tilsette som ikkje har formell diakonkompetanse, kan bli alvorlege, sjølv om nokre av desse både har brei formalkompetanse og stor realkompetanse frå helsevesen eller skuleverk. Diakonstillinga er ei sjølvstendig stilling, slik også KM sitt vedtak frå 2011 presiserer. Det mest alvorlege ved ei svekking av formalkompetansen mellom diakonar er at dette truar den vigsla diakontenesta. Biskopen kan ikkje vigsle andre enn dei som fyller kompetansekrava – og dersom ferre diakonar vert vigsla truar dette KM vedtaket om diakontenesta som ei sjølvstendig og nødvendig teneste i kyrkja vår.

2.4 Kultur

Nasjonalt

delmål: «Kirken skal videreutvikle og styrke sin rolle som kulturfomidler ved å satse på bredde, kvalitet og samspill mellom amatører og profesjonelle aktører.»
 (Kirkerådet, brev av 06.12.2012)

Møre bispe-

døme delmål:

- Sanse og erfare Gud sitt nærvær gjennom eit mangfald av språk og uttrykk
- Gje rom for det skapande menneske
- Forvalte og fornye kyrkja sin salmeskatt, trus- og kulturarv
 (Møre bispedøme sitt visjonsdokument)

Resultatmål	Resultatindikator
Auke statleg og kommunal finansiering av kultur i kyrkjene og/eller i regi av kyrkjelyd og bispedømeråd	Tal kulturprosjekt med offentleg tilskot
Auke samarbeidet mellom kyrkja og kultursektoren	Tal nye samarbeidstiltak siste år
Auke kyrkjeleg kulturkompetanse	Tal tiltak og deltakarar på kompetansehevande tiltak i bispedømet

a) **Vurdering av måloppnåing**

Auke offentleg finansiering av kultur i kyrkjene og/eller i regi av kyrkjelyd og bispedømeråd

Målet er delvis oppnådd. Vi har grunna manglende rapporteringssystem ikkje ein fullgod oversikt som viser tilskot for finansiering av kyrkjelege kulturaktivitetar og arrangement i bispedømet, men ei grovmaska oversikt gjev eit bilde der ca 1,35 millionar kroner er løvvde til kyrkjelydane i Møre. Av desse er vel 1,2 mill. offentlege midlar. Dette er ein svak auke frå summane i fjar, og fleir kyrkjelydar har motteke midlar. Framleis er Møre bispedøme blant bispedøma som hentar ut minst midlar frå dei store kulturfinansieringsinstitusjonane. Å auke denne andelen vil vere ei viktig prioritering framover. Mange erfarer at kulturmidlane frå Norsk kulturråd og andre store kulturfinansierings-institusjonar i liten grad er tilpassa kyrkja si verkelegheit. Mange har gjort forsøk på å søkje om økonomisk støtte til kunst og kulturprosjekt utan at det har gitt resultat. Vi vil derfor tilrå at det blir sett på heile ordninga med finansiering av den kyrkjelege kulturaktiviteten og vurdere om det finns betre måtar for fordeling.

Tal nye samarbeidstiltak siste år

Målet er i stor grad oppnådd. Heller ikkje her finns det statistiske materiale frå kyrkjelydane. Men i kyrkjene våre er eit spekter av arrangement med godt, lokalt kultursamarbeid gjennom heile året; konserter, deltaking av korps, kor og kulturskuleelevar på gudstenester og andre arrangement, innslag med dans, drama og litterære uttrykk, deltaking av lokale foreiningar, lag og organisasjonar. Møre og Romsdal er eit kulturfylke og kyrkja i Møre har eit tett og godt samarbeid med det lokale

kulturlivet og med dei profesjonelle kulturinstitusjonane i fylket. Av kulturprosjekt som har motteke offentleg støtte er 10 nye samarbeidsprosjekt siste år.

Møre bispedøme har hatt eit spesielt fokus på salmar i 2013, i samband med lansering av ny salmebok og koralsongbok hausten 2013. Dette har prega både kompetansehevande tiltak og kulturarrangement i regi av bispedømmeråd, i prostia og i mange av kyrkjelydane. Vi kan her nemne salmefesten på Aure i november, som blei arrangert av Møre bispedøme, Aure kommune og dei lokale kyrkjelydane på Aure, og som var bispedømet si offisielle salmebokfeiring. Over 100 skuleelvar deltok, saman med kulturskule, lokale kor, salmeforfattarane Edvard Hoem og Vidar Kristensen, og musikar Frode Alnæs. Salmefesten blei m.a. finansiert gjennom midlar frå Den kulturelle skulesekken.

Kulturrådgjevaren har gjennom året vore involvert i kyrkjeleg samarbeid med fleire av dei store kulturinstitusjonane i fylket, m.a. Bjørnsonfestivalen om arrangement med fokus på verdiar, med m.a. biskop Midttømme og filmskapar Margret Olin. Kulturavdelinga ved Møre og Romsdal fylkeskommune: Det er eit godt samarbeid om Den kulturelle skulesekken. Det er også eit nært samarbeid mellom bispedømet og kulturavdelinga i fylket om etableringa av Kystpilegrimleia frå Stavanger til Trondheim. Prosjektet får no støtte frå Riksantikvarens verdiskapingsprogram, og mottok i 2013 tilskot på kr 500 000 under føresetnad om at fylkeskommunane løyvde ein tilsvarende sum. Kystpilegrimsleia er tenkt opna i juli 2014.

Auke kyrkjeleg kulturkompetanse

Målet er heilt oppnådd. Gjennom året har bispedømmerådet arrangert 5 ulike kompetansehevande tiltak retta mot feltet kyrkje og kultur. Tema har vore billetkunst i kyrkerommet, salmeskatten i møte med born og unge og kunst og kultur i samband med trusopplæring.

Kulturrådgjevaren har saman med Kyrkjemusikalskråd i bispedømet arrangert to fagsamlingar for organistar og kantorar, med tema innanfor feltet kyrkje og kultur.

Utvikle spisskompetanse innan felta Den kulturelle skulesekken og dramaturgiske uttrykk

Målet er i stor grad oppnådd. To nye lokale kyrkjelege produksjonar/prosjekt blei finansiert gjennom ordninga i 2013. «Orgelluffen og den forsvunnde pipen» blei produsert av KKKK Akademiet og er berekna for born i alderen 4-6 år. På Aure blei salmefesten i samband med ny salmebok eit godt samarbeid mellom kyrkje og skule som ein del av DKS ordninga i kommunen. Spjelkavik kyrkjelyd tilbyr 5. klassane i Ålesund framsyninga «Fortellingen F», ei framsyning som tek utgangspunkt i glaskunsten til Håkon Bleken. På fylkesnivå blei turneen med «Vinden er stille» avslutta i 2013. Framsyninga har vore vist i kyrkjer i alle kommunar i fylket, og er sett av over 12000 ungdomsskuleelevar i 2012 og 2013. Det er etablert kontakt med Seanse, eit produksjonssenter knytt til Høgskulen i Volda som arbeider med scenisk kunst for born og unge og som tilbyr stipend og instruksjon til nye produksjonar. Kulturrådgjevaren har saman med kulturrådgjevar i Kyrkerådet oppretta ei gruppe som skal koordinere og inspirere til kyrkjelege DKS produksjonar på nasjonalt nivå.

b) Tiltak som er valde for å nå måla

Det er blitt informert om økonomiske støtteordningar innanfor kulturfeltet til kyrkjemusikalar og til større enkeltarrangement vi kjerner til. Vidare har kulturrådgjevar rettleia og teke del i utforminga av fleire søknadar. Når det gjeld Den kulturelle skulesekken har det vore prioritert å legge til rette for gode møtepunkt mellom kunstnarar, kyrkjelege tilsette og administrasjon for DKS på fylkesplan. Det er utfordrande å skulle legitimere og inspirere til kunst- og kultursatsing i kyrkja, samtidig med innføringa av store reformer som trusopplæringsreform og gudstenestereform. Dette ser vi i mange samanhengar, og også når det gjeld deltaking til kompetansehevande tiltak innan

kulturfeltet. Når kyrkja vel å køyre fleire satsingsområde samtidig er det risiko for at merksemda rundt nokre av satsingsområda kan forsvinne. Eit stikkord her er tverrfagleg samarbeid, og i 2013 har kulturfeltet vore involvert i fleire konstruktive samarbeid med dei andre kyrkjelege fagfelta.

c) Resultat som tiltaka har ført til

Tabell 2.4.1 Tal tiltak, tilskot og deltagarar kulturprosjekt

	2012	2013
Tal på kyrkjelege kulturtiltak som har motteke offentleg støtte	14	15
Sum offentlege tilskot til kulturprosjekt i kyrkjelydane	1 091 000	1 238 000
Sum tilskot frå andre til kulturprosjekt i kyrkjelydane	210 000	110 000
Tal på nye samarbeidstiltak mellom kyrkja og kulturlivet elles	17	10
Tal på kompetansehevande tiltak innan kulturfeltet i bispedømmet i regi av MBDR	6	5
Tal på deltagarar	178	158

d) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Vi har vald å fokusere på same delmål og tiltak for 2014. Kulturfeltet er framleis eit ungt fagfelt i kyrkja i den form det har no. Vi treng tid for å bygge nettverk til kulturlivet, og nå rundt til kyrkjelydar og tilsette for å samtale om, inspirere til og gje opplæring for å lyfte kulturverksemda i kyrkjelydane. Møre bispedøme har ved fleire høve påpeika at resultatindikatorane for det kyrkjelege kulturarbeidet bør innarbeidast i SSB sitt statistikkskjema som kyrkjelydane fyller ut. Før dette er på plass vil det vere svært unøyaktige tal som blir rapportert på nokre av resultatindikatorane.

2.5 Samisk kyrkjeliv

Nasjonalt

delmål: «Samisk kirkeliv skal utvikles i pakt med samiske tradisjoner og samisk selvforsråelse, som en nødvendig og likeverdig del av Den norske kirke.»
(Kirkerådet, brev av 06.12.2012)

Møre bispe-

døme delmål:

-

Resultatmål	Resultatindikator
Styrke ivaretakinga av samisk språk og kultur i gudsenester og trusopplæring	Tal kyrkjelydar som har innarbeida samisk språk i lokal ordning for gudstenesta
	Tal kyrkjelydar som har innarbeidd samisk språk og kultur i lokal trusopplæringsplan

Møre bispedøme er ikkje samisk kjerneområde. Møre har ingen sokn som har sett fram ønskje om integrering av samisk språk og kultur i gudstenester, misjon, diaconi eller trusopplæring. Det er i eitt prosti freista å legge inn samiske element i gudstenestene etter dåp av barn med samisk bakgrunn.

Det er ikkje sett inn tiltak for å nå dei nasjonale måla.

2.6 Misjon og økumenikk

Nasjonalt delmål:	Ingen
Møre bispedøme delmål:	
-	Kalle til å følgje Jesus Kristus
-	Utruste kristne til å dele evangeliet og leve ut trua si der dei er
-	Erfare at vi er del av den vedsvide kyrkja – med eit felles oppdrag

Resultatmål	Resultatindikator
<u>Fremje misjonal grunnhaldning i gudstenesteliv, trusopplæring og diakoni</u>	-
<u>Auke talet på misjonsavtalar</u>	Antal misjonsavtalar i % av antall kyrkjelydar Antal kyrkjelydar med misjonsavtale
<u>Vidareutvikle samarbeidet i SMM Møre</u>	Antal møter og konkrete samarbeidsprosjekt.
<u>Utvikling av kontakt med venskapsbispedøma i Newcastle og Ungarn</u>	Underteikning av fornya avtale

a) Vurdering av måloppnåing

Fremje misjonal grunnhaldning i gudstenesteliv, trusopplæring og diakoni: Stor grad av måloppnåing.

Auke talet på misjonsavtalar: Nokon grad av måloppnåing.

Vidareutvikle samarbeidet i SMM Møre: Nokon grad av måloppnåing.

Utvikling av kontakt med venskapsbispedøma i Newcastle og Ungarn: Stor grad av måloppnåing.

b) Tiltak som er valde for å nå måla:

For å fremje misjonal grunnhaldning i gudstenesteliv, trusopplæring og diakoni:

Kyrkjemøtet si sak 07/12 «Misjon til forandring» er fulgt opp gjennom å presentere saka i ulike fora ved hjelp av utgitt hefte frå Mellomkirkeleg råd. Misjonsperspektivet har vore etterspurd og løfta frem i visistasar i 2013. Tiltaket «Konfirmantlaurdag» har vore løfta fram i trosopplærings-samanhang. Misjon i trusopplæringa har vore del av tverrfagleg plankurs for kyrkjelyder. Misjon har vore teke opp som tema på fagsamling for diakonar. «Gje det vidare» var tema på Ungdomstinget 2013.

For å auke talet på misjonsavtalar:

Vi har motivert kyrkjelydane til etablering av nye misjonsavtalar.

For å vidareutvikle samarbeidet i SMM Møre:

Vi har delteke på sentrale møtepunkt i SMM og gjennomført møte i SMM Møre. Vi har samarbeidd med organisasjoner om arrangement.

For å utvikle kontakt med venskapsbispedøma i Newcastle og Ungarn:

Vi har gjennomført evaluering av avtalane i samarbeid med involverte, prestar, prostar og biskopane i Møre og i venskapsbispedøma. Nye avtaler er signerte.

c) Resultat som tiltaka har ført til

Misjonal grunnhaldning har vore fremja i ulike gudstenestelivs- trusopplærings- og diakonale samanhengar. Men som haldningsskapande arbeid er det vanskeleg å vise til ein målbar effekt på kort sikt. Interesse og etterspurnad er likevel registrert i dei samanhengar misjon har vorte fremja.

Auke talet på misjonsavtalar i kyrkjelydene:

Tabell 2.6.1 Kyrkjelydar med misjonsavtale

	2012	2013
Kyrkjelydar med avtale	66	67
Prosent dekning i bispedøme	68%	69%
Antall avtalar SMM organisasjonar	69	74
Andre organisasjonar	3	4
Totalt	72	78

Samarbeidet i SMM Møre har gått tilbake til normalt i 2013 etter ein periode med vakanse i misjonsrådgiverstillinga. Det har vore gjennomført to møter i SMM Møre i 2013, og deltaking på SMM sin sentrale samling. Møre bispedøme har samarbeidd med SMM- organisasjonar i høve to større arrangement i 2013: Kulturmix (Himalaya Møre/Himalpartner - kun økonomisk) og besök og turné med biskop Thomas frå Den koptiske kyrkja i Egypt (Stefanusalliansen).

Kontakten med venskapsbispedøma i Newcastle og Ungarn:

Evalueringa av avtalane førte til ein gjennomgang og justering av avtaletekstane før nysignering 22.09.2013. Gjennom evalueringa og møtene i samband med nysigneringa vart det eit fornya fokus på konkrete tiltak for å bygge opp venskapsarbeidet med begge bispedøme. Eit mål om nyskiping av venskapskomitear og femårsplanar for venskapsarbeidet vart konkretisert, og seinare vidareført i Møre bispedøme sine planar for 2014.

d) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Det kan vere behov for endringar i strategiar for å auke talet på misjonsavtalar i kyrkjelydane og engasjementet rundt desse i ein meir aktiv retning.

e) Anna:

Økumenikk: Ein av Møre bispedømråd sine medlemmar (Marianne Brekken), vart i 2013 sendt som delegat frå Mellomkirkelig råd til Kirkenes Verdensråd (KV) sin generalforsamling i Busan, kor ho også vart valt inn i KV sin sentralkomité.

2.7 Visitas

Nasjonalt
delmål: Visitasreglement for Den norske kyrkja

Møre bispe-
døme delmål: Gjennomføre visitasreglement for Den norske kyrkja

Resultatmål	Resultatindikator
Biskopen skal gjennom visitas sjå til kyrkjelydane i bispedømet	Tal bispevisitasar Tal prostebesøk som oppfølgjing etter visitas

a) Vurdering av måloppnåing

Lysing til 6 visitasar vart i god tid sendt ut i samsvar med Plan for visitasar i Møre 2010-2017. Ein av visitasane vart i god tid flytta til våren 2015 i samråd med prost og biskop. Alle fem visitasane vart gjennomført etter godt planleggingsarbeid og med gode tilbakemeldingar i ettertid.

Desse sokn vart visiteret:

- Molde menighet, domprostiet, veke 6.
- Skodje sokn, Austre Sunnmøre prosti, veke 17.
- Borgund og Ellingsøy sokn, Nordre Sunnmøre prosti, veke 21.
- Aukra, Misund og Sandøy sokn, domprostiet, veke 37.
- Stangvik, Todalen, Åsskard, Mo, Øye og Ranes sokn, Indre Nordmøre prosti, veke 46-47.

Prosten i Ytre Nordmøre følgde opp visitasen i Aure, Stemshaug og Tustna, den 29.05- 03.06.2012 i møte med stab, sokneråd og gudsteneste. Prosten i Indre Romsdal følgde opp visitasen i sokna Grytten, Kors, Øverdalen, Hen, Eid og Holm, Voll og Vågstranda, den 11.-18.11.2012 og i møte med Rauma kirkelige fellesråd den 05.08. 2013.

b) Tiltak som er valde for å nå måla

Avdelingsleiar for kyrkjeliv er ansvarleg for visitasarbeidet i Møre med omsyn til planlegging, lysingar til visitas og revisjon av visitasopplegget. Avdelingsleiar og rådgjevarane ved avdeling kyrkjeliv deler på å vere administrativ ressurs for prostane og biskop i planlegging, gjennomføring og oppfølgjing. Det er utarbeidd plan for visitasar i tidsrommet 2010 til 2017. I denne perioden vil alle sokn bli visitert i Møre med ein gjennomsnitt på 6 visitasar i året.

Det er utarbeidd ei vegleiing for visitasane som årleg blir vurdert av biskop og prostane.

Kvar visitas blir delt i følgjande tre samlingar lokalt:

- Visitas 1: Møte med tilsette, visitas av kontor, synfaring av kyrkjer og kyrkjegardar, møte med sokneråd og fellesråd

- Visitas 2: Hovudvisitasen.
- Visitas 3: Prostens oppfølging av tilsette og valde.

c) Resultat som tiltaka har ført til.

Skodje sokn vart visitert som sokn åleine for første gang. Surnadal hadde fyrste visitas i kommunen som heilskap etter at prestegjeldsgrensene vart oppheva. På grunn av mange sokn og kyrkjer hadde visitasen utvida tidsramme frå søndag til søndag.

Biskopens foredrag og referat frå Visitas 1 og 2 dannar grunnlag for vidare arbeid i sokna og oppfølging av prosten i Visitas 3.

d) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Det vart utarbeidd ei sjekkliste i januar 2014 over faste tidsfristar, møter, prosedyrar til hjelp for prost og administrativ ressurs i planlegging, gjennomføring og oppfølging.

Årsrapport del 3
KYRKJELEG ARBEID – samarbeid, organisering og forvalting
(Kap 1590)




Foto: Sjur Fedje

HOVUDMÅL	Den norske kirke skal være en landsdekkende, lokalt forankret kirke, som inviterer mennesker i alle aldre og livssituasjoner til tro og fellesskap. Kirken skal bidra til å styrke lokalsamfunn, målbære menneskeverdet og utfordre til solidaritet. Bevilgningene under kapitlet skal understøtte Kirkemøtets mål for Den norske kirke som en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke.
B	<p>Kirkerådet og bispedømmerådene skal stimulere til økt samarbeid mellom menighetene og mellom de ulike forvaltningsnivåene i kirken. Kirkerådet, brev av 06.12.2012)</p>

3.1 Organisering og forvalting

Nasjonalt delmål:	Utvikle bispedømmerådets administrasjon for å oppnå økt effektivitet og bedre servicenivå (Kirkerådet, brev av 06.12.2012)
Møre bispe-døme delmål:	Same som nasjonalt delmål

Resultatmål	Resultatindikator
Ei funksjonell, kostnadseffektiv og brukarorientert forvalting	Budsjett og rekneskap er i balanse
	Brukarundersøkjingar er gjennomførte

- a) **Vurdering av måloppnåing**
 Målet er i stor grad oppnådd.
- b) **Tiltak som er valde for å nå måla**
 - Tydeliggjering av intern organisering
 - Introduksjon for nytilsette
 - I budsjettprosessen er det valgt brei involvering, både for prostar og bispedøme kontortilsette. Dette for å skape forståing og kunnskap om grunnlaget og forutsetningene for vedtatte budsjett
 - Økonomirapportar blir gitt til prostar, bispedømeråd og kontaktmøta med tillitsvalde.
 - Ny økonomi- og verksemdsinstruks for bispedømeråda er bestemt av departementet. Møre bispedømeråd har som følge av dette vedteke økonomi- og verksemdsinstruks for Møre bispedøme med verknad frå 01.01.2014. Interne rutiner er fastlagde med verknad frå same dato.
 - Quest-back er teke i bruk. Skal i større grad erstatte manuelle evalueringskjema.

c) Resultat som tiltaka har ført til.

Rekneskapsresultatet for 2013 ser slik ut. For nærmere presentasjon, sjå kap 8.8.

Tabell 3.1.1 Rekneskapsresultat 2013 for biskopen og bispedømerådet si verksemd (kap 1590)

	Tildeling	Utgifter	Merinntekt	Refusjonar	Resultat
Møre	11 355	11 107	60	44	352
Totalt alle bispedøma	149 467	152 673	3 587	2 712	3 093

Tabell 3.1.2 Rekneskapsresultat 2013 for prestetenesta si verksemd (kap 1591)

	Tildeling	Utgifter	Merinntekt	Refusjoner	Resultat
Møre	54 804	55 275	-60	1 445	913
Totalt alle bispedøma	912 815	929 819	848	27 363	11 207

Resultatutviklinga over tid ser slik ut:

Tabell 3.1 Rekneskapsresultat 2009 - 2013 for biskopen og bispedømerådet si verksemd (kap 1590)

	2009	2010	2011	2012	2013	Pst. av tild.	Diff. 2009-2013
Møre	429	341	350	504	352	3,1 %	163
Totalt alle bispedøma	2 404	2 616	4 921	4 238	3 093	2,1 %	2 517

Tabell 3.2 Rekneskapsresultat 2009 - 2013 for prestetenesta si verksemd (kap 1591)

	2009	2010	2011	2012	2013	Pst. av tild.	Diff. 2009-2012
Møre	-1364	-1 824	171	457	913	1,7 %	2 737
Totalt alle bispedøma	1397	5389	6 807	9 898	11 207	1,2 %	9 810

Tabellane viser regnskapsresultata for Møre bispedømeråd under kap. 1590/4590 og 1591/4590 i åra 2009 til 2013. Kolonne nr. 2 fra høgre viser mer-/mindreforbruk i pst. av tildelte beløp i 2013. Kolonna heilt til høgre gir differansen mellom høgste og logaste regnskapsresultat i perioden.

Utviklinga i resultat viser at Møre bispedøme har god kontroll etter å ha hatt eit vesentleg meirforbruk i 2009 og 2010.

d) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Det er nødvendig å klargjøre ytterlegare, og frå 2014 får kvar prost eit eige «tildelingsbrev» der det blir gjort greie for økonomi- og personalforvaltninga i prostia.

Ny kontoplan gjev grunnlag for å samanlikne mellom bispedømer.

3.2 Lokalt samarbeid

Nasjonalt

delmål: Stimulere til økt samarbeid mellom sokna og de ulike forvaltningsnivåene
(Kirkerådet, brev av 06.12.2012)

Møre bispe-

døme delmål: Same som nasjonalt delmål

Resultatmål	Resultatindikator
Økt samarbeid på tvers av sokne- og kommunegrenser	Tal fellesråd som deltar i forsøk eller har etablert samarbeidsområder på tvers av sokne- og kommunegrenser Tal sokn som har forsøk med sammenslårte sokn eller som er slått sammen til eitt sokn

a) **Vurdering av måloppnåing**

Bispedømet har ikke sett eigne mål om å stimulere til forsøk med fellesrådssamarbeid eller soknesamanslåingar.

b) **Tiltak som er valde for å nå måla.**

Bispedømerådet har ikke teke særskilde initiativ til regulering av soknegrenser, der dette har skjedd er det etter lokalt tiltak. Når ny kyrkjeordning er på plass kan det evt gje nye kyrkjelege einingar og dermed endra inndelingar. Ny regjering har gitt signal om arbeid med samanslåing av kommunar. Ytterlegare initiativ på dette området vil difor bli avventta.

Biskop og bispedømeråd ser verdien av samarbeid i kyrkjelydsarbeidet på tvers av soknegrenser og oppmuntrer til dette. Dette gjeld særleg innanfor ungdomsarbeidet, - ungdom er mobile og det er ofte naturleg bruke ressursane saman på tvers av sokna. Vi har eksempel på gudstenestesamarbeid på tvers av fellesrådsområde, og ein del kyrkjelydar gjev ut felles kyrkjeblad. I trusopplæringa fungerer prostia som samarbeidseining, t.d. med faste «Forum for trusopplæring.»

I prestetenesta har bispedømet etablert samarbeidsområde som gjev mindre einingar enn prostia. Dette er ei ordning vi har til vurdering.

c) **Resultat som tiltaka har ført til**

Tabell 3.2.1 Fellesråd med formelt samarbeid over kommunegrenser

Tal fellesråd med utvida samarbeidsområde 2013	Tal sokn som er med i dei utvida amarbeidsområda
2	14

Tabell 3.2.2 Samanslårte sokn

Tal samanslårte sokn sidan 2004	Tal nyoppretta sokn sidan 2004	Tal sokn med felles sokneråd i 2013
5	2	2

d) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Det kan vere behov for ei medvite stimulering til meir formalisert samarbeid (evt. samanslåingar) mellom sokn og fellesråd. Ein del sokn bør vurdere dette før Kyrkjevalet 2015.

3.3 IKT

Nasjonalt delmål:	Ta i bruk og utvikle elektroniske løsninger (Kirkerådet, brev av 06.12.2012)
Møre bispe- døme delmål:	Same som nasjonalt delmål

Resultatmål	Resultatindikator
Utvikle velfungerande heimesider	Tal treff på heimesidene
Prestar nyttar sjølvbetjeningsportalen i DFØ	Tal prestar som brukar den
Alle prostar nyttar prostemodulen	Tal prostar som brukar den
Alle prestar nyttar kompetansekartet	Tal prestar som brukar den

a) Vurdering av måloppnåing

Det er ikkje sett særskild mål for tal treff på Møre bispedøme sine heimesider, men vi har hatt meir treff enn kva vi i utgangspunktet trudde vi skulle få. Nå vi samanliknar med andre bispedøme, ser vi likevel at vi ligg ganske lågt.

Alle fast tilsette prestar har i løpet av året nytta sjølvbetjeningsportalen for innsending av reiserekningar mv, i så måte er måloppnåinga høg. Det er likevel ein del tekniske problem knytt til innlogging og ein del har meldt tilbake om at modulen er vanskeleg og lite sjølvinstruerande.

Bruk av prostemodulen som reiskap for prostane si leiing av prestetenesta er i varierande grad oppnådd.

Søknadsmodulen i kompetansekartet vert nytta av alle som søker etterutdanning. Vi har ikkje kome langt nok når det gjeld å få påteikning frå prostane direkte i modulen. Det kan skuldast tekniske vanskar.

b) Tiltak som er valde for å nå måla

For å gjere heimesidene meir lesbare og publikumsvenlege tok vi bruk ein heilt ny design i 2013. Sidene er no bygde opp etter modell av sidene til Den norske kyrkja sentralt og med same leverandør. Overgangen har ikkje vore problemfri og nokre tekniske utfordringar er framleis ikkje løyste.

Når det gjeld sjølvbetjeningsportalen, vert alle nye fast tilsette prestar kalla inn til opplæring på bispedømekontoret. I tillegg vert det gjeve fortløpende vegleiing over telefon til dei som har spørsmål og problem.

Prostemodulen er gjort tilgjengeleg for alle prostane.

c) **Resultat som tiltaka har ført til.**

Tabell 3.1.1 Heimesidestatistikk 01.01. – 31.12.2013

Unike besøk	Besøk totalt	Side-oppslag
3 307	10 582	28 016

Prostemodulen er som rapporteringsredskap i stor grad teken i bruk i tre av sju prosti.

d) **Behov for endringar i strategiar og tiltak**

Når det gjeld heimesidene kjem vi ikkje til å gjere grunnleggjande endringar i påvente av at Kirkepartner vil utvikle gjennomgåande løysingar for alle ledd i kyrkja.

Det er stilt krav om at prostemodulen skal nyttast i alle prosti frå 01.01.2014.

3.4 Demokratiutvikling

Nasjonalt delmål:	Øke engasjementet blant medlemmene (Kirkerådet, brev av 06.12.2012)
Møre bispedøme delmål:	Engasjement og brei deltaking også mellom vala

Resultatmål	Resultatindikator
Auke deltaking og styrke det lokale demokratiet	Tal deltarar på kurs (Ikkje aktuelt før 2015)
Deltaking ved mellomvalet til sokneråd 2013 som opp mot deltakinga ved soknerådsvalet i 2011	Prosentvis deltaking
Auke ungdomsdemokratiet	Deltakarar på Ungdomsting

a) Vurdering av måloppnåing

Vi har *ikke* indikatorar for å måle graden av «deltaking» og av «styrka lokaldemokrati» for rapporteringsperioden.

Derimot har vi indikatorar for deltaking ved mellomvalet til sokneråd 2013. Det syner seg at deltakingsmålet *ikkje er oppnådd*. Eit unnatak var Eikesdal sokn som hadde høgast deltaking i landet.

Det er vanskeleg å finne indikatorar for «auka ungdomsdemokrati.» Deltakinga på Ungdomstinget burde ha vore større, men den er ingen god indikator for engasjement av unge i kyrkjelydane.

b) Tiltak som er valde for å nå måla

Dei nye sokneråda og fellesråda har no fungert i to år og er komne halvvegs i sin valperiode. Sokneråda hadde innføringskurs i november 2011, fellesråda på nyåret 2012. Det har sidan ikkje vore særskilde samlingar med formål å «vidareutdanne» råda. Det har heller ikkje vore andre samlingar, t.d. for rådsleiarar med drøftingar av strategiar, kyrkleordningstema eller anna.

I 2013 hadde 14 sokn i Møre bispedøme val på halve soknerådet. Kyrkerådet sette ikkje inn ressursar for å underbyggje dette valet, så som t.d. valkort, sentrale informasjonskampanjer eller økonomi. Fellesråda fekk likevel ei flatt tilskot på i underkant av kr 3 000 til fordeling på sokna. Bispedømerådet hadde heller ikkje sett av særskilde ressursar for å understøtte valet, bortsett frå å halde kontakt med og drive rådgjeving for dei sokna det gjaldt. Av dei 14 sokna som hadde «mellomval» var det 6 som hadde val i alle krinsar, 5 hadde berre ein krins å halde val i og 3 hadde ikkje desentralisert valet til alle krinsane.

Møre bispedøme har sett inn tiltak for å bygge ut ungdomsdemokratiet, dvs i større grad engasjere ungdom i kyrkja sitt arbeid: Vi har i fleire år hatt eit ungdomsråd, dette var nyvald i 2013 og hadde dette året tre møte. Det var halde ungdomsting i september med tema «Gi det vidare!» Fokus var mellom anna på å vere kristen i Noreg og andre land og å gje unge betre tilbod etter konfirmasjonstida. Vi sende fire delegatar i til Ungdomens kyrkjemøte i Bergen i oktober.

c) Resultat som tiltaka har ført til

Vi har ikkje systematisk kunnskap om korleis arbeidet i sokneråda og fellesråda fungerer, men har fått signal om at nokre seier dei hadde lite kjennskap til arbeidet dei gjekk inn i. Vi kjenner og eksempel på at medlemer har bede seg fritekne ut frå at dei har kjent seg uskikka etter å ha blitt kjende med oppgåvene. Vi trur likevel at arbeidet i dei kyrklelege råda jamt over fungerer bra.

Valdeltakinga i dei 14 sokna som hadde «mellomval» var på 6,3 %. Tilsvarande ved valet i 2011 var på 13,6 %, altså ein nedgang til under det halve. Eikesdal sokn (med 77 kyrkjemedlemer) merka seg likevel ut med ei valdeltaking på 78,8 %, det var høgast i landet.

Av dei 14 sokna som heldt val i 2013 har 6 meldt seg ut av ordninga med val på halve rådet midt i perioden.

Tabell 3.4.1 Deltaking på Ungdomsting

Tal deltakarar ungdomsting		Tal kyrkjelydar representerte på ungdomsting	
2012	2013	2012	2013
25	19	13	9

d) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Vi bør vurdere å arrangere oppfølgande samlingar for medlemer av dei kyrkjelege råda, ut over innføringskursa. Det kan særleg vere aktuelt for å informere om endringane i tilhøvet mellom stat og kyrkje, forutan å drøfte utviklinga av kyrkja si organisering.

I forkant av neste val bør det leggjast vekt på betre info om kva soknerådsarbeidet går ut på. Likeeins viser det seg at kyrkjevala treng understøtting av sentrale ressursar for å førebu og gjennomføre vala med god valdeltaking. Valmodulen (i medlemsregisteret) er avgjerande for den administrative avviklinga av valet, den hadde tekniske svikt denne gongen og må bli oppgåande til valet i 2015.

Val av halve soknerådet annakvart år er ei ordning som har lita oppslutning, ordninga kan takast bort.

Bispedømerådet har sidan 2012 gjeve ungdomsdemokratiet medråderett i tildeling av OVF- midlar når det gjeld tiltak relatert til arbeid med barn og unge i kyrkja. Bispedømerådet bed også ungdomsrådet om å gje innspel til utlysing av prestestillingane. Vi arbeider med å finne fleire område der ungdomsrådet konkret kan få påverke kyrkja sitt arbeid i Møre.

**Årsrapport del 4
PRESTETENESTA
(Kap 1591)**



Foto: Møre bispedøme

HOVUDMÅL **Hovedmålet for bevilgningene til prestetjenesten er at alle menigheter i Den norske kirke skal være betjent av prest.**
 (Departementet sitt tildelingsbrev for 2013)

4.1 Prestedekning og rekruttering

Nasjonalt

delmål: Målet for bevilgningene til prestetjenesten er at alle menigheter i Den norske kirke skal være betjent av prest, slik at kirkens medlemmer har tilgang på kirkens tjenester i menighetene der de bor.
 (Departementet sitt tildelingsbrev for 2013)

Møre bispe-

døme delmål: Same som nasjonalt delmål

Resultatmål	Resultatindikator
1) Kyrkjelydane og kyrkjemedlemmene skal ha god prestedekning	Snitt tal kyrkjemedlemmer pr prestestilling
2) Prestene skal halde gudstenester og utføre kyrkjelege handlingar	Snitt tal gudstenester og kyrkjelege handlingar pr prest
3) Rekrutteringa til prestetenesta skal bli styrka	Tal ledige prestestillingar i bispedømet Tilgang på nye prestar – avgang frå presteteneste (antall tilsette prestar – antall prestar som har fratrådt før fylte 67 år, eksl overgang til/fra anna stilling)

a) Vurdering av måloppnåing

Tabell 4.1.1: Dei mest relevante resultatindikatorane som departementet spesifikt bed om rapport på

Resultatmål	Resultatindikator	2011	2012	2013
Kyrkjelydane og kyrkjemedlemmene skal ha god prestedekning	Kyrkjemedlemmer pr fast prestestilling	2797	2955	3114
Prestane skal halde gudstenester og utføre kyrkjelege handlingar	Kyrkjelege handlingar pr prest/snitt pr prest			6590/ 94 pr.prest
Rekrutteringa til prestetenesta skal bli styrka	Tal ledige prestestillingar i bispedømet	3	2	4
	Tal nyttilsette prestar, ikkje medrekna overgang frå anna stilling	8	6	11
	Tal prestar som har slutta i stilling før fylte 67 år, ikkje medrekna overgang til anna prestestilling	1	3	

Kyrkjelydane og kyrkjemedlemane skal ha god prestedekning: Målet er i liten grad oppnådd. Ein samla stillingsressurs tilsvarande fire faste stillingar er fjerna frå og med året 2013 grunna budsjettmessige omsyn.

Prestane skal halde gudstenester og utføre kyrklelege handlingar: Målet er i stor grad oppnådd. Ein manglar måltal for tidlegare år, men vel å vurdere det slik at ein baserer dette på inntrykket på dei forordningstalla for gudstenester som ligg til grunn for prestetenesta og dei statistiske tala på kyrklelege handlingar, målt mot den lojalitet og innsatsvilje som prestane i Møre er prega av.

Rekrutteringa til prestetenesta skal bli styrka: Målet er i stor grad oppnådd.

Møre har hatt 11 prestetilsettingar i 12 ledige stillingar. Fleire unge nyutdanna prestar har meldt seg og har teke i mot tilbod om stilling.

b) Tiltak som er valde for å nå måla

Eit hovedtiltak dei siste åra har vore å finne balanse mellom dei tildelte budsjettmidla og kostnader knytt til talet på faste prestestillingar. I 2012 vart det i Møre sett i gang prosess for å redusere talet på prestestillingar grunna reduksjon i dei økonomiske rammene. Grunnbemanninga av kyrkjelydsprestar og prostar har inntil 2012 vore på 78 årsverk (vedtak i Møre bispedømmeråd 2006). Dette vart vidareført inn i 2013 som rammetal. I 2013 vart det gjort vedtak i nokre av prostia om endra grunnbemanning. Nokre står att. Ein vil fullføre dei formelle endringane i 2014. Budsjettmessig har ein likevel redusert utgiftane til 73,5 stillingar gjennom bruk av vakansar. Innanfor denne ramma har det vore høve til også å ha prostiprestar eller seniorprestar som gjer teneste som kyrkjelydsprest. Desse prestane går inn i ledige stillingar eller ved lengre sjukepermisjonar. Pr 30.11.2013 var det 1,5 slike prestar tilsvarande 1,5 årsverk tilsett i slik teneste. I tillegg kjem det 1,2 stillingar som fengselsprest.

I dei talanalysane som følgjer nedanfor, ligg den nemnde reduksjonen til grunn for ein del endringar som gjer utslag i overgangen mellom året 2012 til året 2013. Med eit redusert tal på prestar for å betre budsjettbalansen må det seiast at hovedmålformuleringa om ei god presteteneste heller er svekka enn styrka.

Avtalte årsverk og utvikling i årsverk

"Årsverk" er å forstå som alle faste og mellombels prestestillingar som vart løna på teljedatoen den 30.11.2013. Fast tilsette som var ute i sjukefråver eller andre permisjonar er også med. Pensjonistar som arbeider i stilling på pensjonistvilkår er inkluderte.

Tabell 4.1.2: Utvikling i årsverktal

	2009	2010	2011	2012	2013	Endring 2012-2013	Pensjo- nistar 2011	Pensjo- nistar 2012	Pensjonistar 2013
Møre	78	75	78	73	75	2	13	2,7	3
Alle bispe- døma	1 291	1 316	1 336	1 315	1 314	-1	159	28,8	35

Tabell 4.1.2 viser svingingane i perioden 2009-2013, siste året med ein oppgang på 2 faste årsverk. Svingingane kan forklara gjennom tiltak dei siste åra for å senke det totale årsverkstalet i Møre. Ein har i ulik grad halde stillingar vakante inntil ein no har fastsett eit endeleg tal på 75 stillingar.

Årsverk faste prestestillingar

blir rekna pr 30.11. og er å forstå som talet på faste prestestillingar, målt i årsverk. Dette omfattar ikkje pensjonistar eller midlertidige tilsette.

Tabell 4.1.3: Utvikling i faste prestestillingar, målt i årsverk

	2009	2010	2011	2012	2013	Endring 2012-2013
Møre	73	68	74	67	70	3
Alle bispedøma	1257	1266	1277	1261	1260	-1

Utviklinga i årsverk i Møre viser ein auke på 3 årsverk frå 2012 – 2013. Færre stillingar har no vikrar, og viser at rekrutteringssituasjonen har betra seg noko.

Alderssamansettning

Møre bispedøme har ein god utvikling i aldersfordeling i presteskapet. Fleire under 40 år er rekrutterte, samtundes som delen over 60 år går ned.

Tabell 4.1.4 Aldersfordeling for prestar som er tilsette i fast stilling

	Under 40 år		40 - 49 år		50 -59 år		Over 60 år		Totalt
	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.
Møre	17	24 %	14	19 %	20	28 %	21	29 %	72
Totalt	225	18 %	298	23 %	411	32 %	340	27 %	1274

Ledige stillingar og rekruttering

Møre bispedøme har hatt ein særleg utfordrande rekrutteringssituasjon i fleire år. Dette har endra seg litt dei siste åra. I 2012 var snittet på søkerar pr stilling 5,8, dette året er talet 2,8 søkerar. Med andre ord har vi tilgang på søkerarar, men ikkje mange å velje i når tilsetting skal skje.

Tabell 4.1.5: Utlysingar og tilsettingar i bispedømet i 2011 og 2012

	Utlyste stillingar		Tal på søknader		Søknader pr utlysing		Stillingar utlyste fleire gonger		Tilsettingar	
	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013
Møre	6	12	35	33	5,8	2,8	0	2	6	11
Alle bispedøma	119	198	835	893	7,0	4,5	19	40	105	164

Tabellen nedanfor viser at etter avslutta tilsettingsprosess, vart vi likevel ståande att med totalt 4 ledige stillingar, ein oppgang frå åra før.

Tabell 4.1.6: Rekrutteringssituasjonen i bispedømet

	Ledige stillingar etter avslutta tilsettingsprosess			Andel utlyst fleire gonger		
	2011	2012	2013	2011	2012	2013
Møre	3	2	4	25 %	0 %	17%
Alle bispedøma	31	27	32	19 %	0 %	20%

Av departementet blir «Ubesatte stillinger i bispedømmet» definert som stillingar det ikkje var tilsett fast prest i, til tross for at stillinga har vore forsøkt utlyst og tilsettingsprosessen er avslutta. Pr 30.11.13 hadde vi 2 slike stillingar, ei av desse er soknepreststillinga på Smøla som framleis er utan fast prest etter avslutta tilsetjingsprosess i 2011.

Møre bispedøme tilsette 11 prestar i 2013. 3 av desse var nyutdanna prestar.

Prestedekning pr. kyrkjemedlem og sokn

Pr 31.12.13 hadde Den norske kyrkja i Møre bispedøme 218 004 medlemmer, ein nedgang på 558 personar. Medlemsprosenten på er på 85 %. Møre bispedøme har 97 sokn og det er 112 kyrkjer i alminneleg bruk. I snitt er det no 1,39 kyrkjelydsprestar pr sokn, mot 1,24 sokn per prest året før. Oppgangen er knytt til ein faktisk reduksjon av talet på faste prestestillingar. Dei faktiske talet på kyrkjemedlemmer pr prest etter tenesteområde varierer ut frå demografi, historie og ein krevjande geografi.

Tabell 4.1.7 Prestedekning. Medlemer pr prest og prestar pr sokn

	Prestar		Kyrkjemedlemer		Medlemer pr prest		Endring medlemer pr prest 2011/2013	Sokn	Prestar pr sokn 2013
	2012	2013	2011	2013	2011	2013			
Møre	67	70	218 562	218 004	2 802 a)	3 114 b)	312	97	1,39 c)
	1261	1260	383 2679	382 2972					
Alle bispedøma								1 262	1,00 d)

a) Delingsfaktor 78 b) Delingsfaktor 70 c) Delingsfaktor 70 d) Delingsfaktor 1260

Det er fleire prestar pr innbyggjar i kommunar med lavt folketal enn i meir folkerike område, frå 900 medlemmer til nærmere 7 200 medlemmer per prest. Ein søker no å jamne ut arbeidstilhøvet mellom prestane. Det er krevjande å finne gode parameter for utjamning fordi ein også med rekne med geografien i vårt bispedøme med til dels tungvinte og tidkrevjande reiser. Møre og Romsdal er eit ferjefylke med 27 ferjesamband og 4 hurtigbåtsamband.

Tal frå kyrkjelydsstatistikken knytte opp mot prestetenesta.

Tabell 4.1.7: Utdrag frå kyrkjelydsstatistikken for Møre bispedøme 2008 – 2012

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
1. Totalt tal på gudstenester og gudstenestlege møte	4 118	4 085	3 933	3 938	3 715	3 860
Deltakarar i 1	43 0325	43 7609	41 6532	43 0426	39 8290	40 9867
2. Totalt tal på gudstenester berre søn- og heilagdagar	3 401	3 350	3 219	3 215	3 191	3 144
Deltakarar i 2 (Snitt pr gudsteneste)	360 920 (106)	357 704	344 499 (107)	356 446 (111)	342 855 (107)	332 548 (106)
Gravferder	2 349	2 301	2 248	2 202	2 185	2 229
Døypte	2 829	2 751	2 621	2 585	2 566	2 338
Døypte i % av tal på fødde	100,3	91,9	93,1	89,7		
Vigsler	661	648	605	502	528	501
Konfirmerte	2 901	2 811	2 848	3 006	2 827	2 723
Konfirmerte i % av alle 15 åringar	83,9	82,6	83,4	83,8	81,8	81,5

Talet på gudstenester held seg stabilt, men er noko lågare enn tidlegare. Dette skuldast justering av forordningar og er m.a. knytt til eit redusert tal på faste prestar. Frammøtetala til gudstenester held seg i snitt jamt. Likeins er talet på gravferder stabilt over mange år. Viselstalet har halde seg jamt dei siste åra, men ligg ca 20% lågare enn tidlegare år. Ein saknar tal på døypte i etatsstatistikken og har ikkje grunnlag for å måle denne. Det same gjeld tal for konfirmerte. Eiget tal frå statistikkføringa i Møre viser at dåpstala går ned, likeins talet på konfirmerte.

c) Resultat som tiltaka har ført til

Det er ei betring i talet på avtalte årsverk og på fast prestestillingar. Ein har lukkast i å rekruttere til ledige stillingar og særleg har vi sett ei auke i tilgangen på unge nyutdanna prestar. Prestedekning pr kyrkjemedlem og pr sokn har gått ned grunna reduksjon i talet på prestestillingar i Møre.

Vi vurderer situasjonen slik at det framleis er regelmessige gudstenester i alle kyrkjelydane, og at gravferd, vigsel og dåp blir forretta, når medlemmene treng det og vanlegvis innan rimeleg tid. Tidvis melder prostane at dei har vanskar særleg grunna ledige stillingar og manglende vikarressurs. Dette er om lag likeins som i dei seinare åra.

I Ålesund og Hustad fengsel er det no til saman 1,2 fengselsprestestillingar, 80 % stilling i Hustad fengsel og 40 % stilling i Ålesund fengsel. Frå fengsla si side er det gjeve uttrykk for ønske om meir presteteneste.

Vi meiner at talet på prestestillingar er for lågt til å møte dei forventningane som både kyrkjemedlemmene og kyrkjeleiinga har til kvaliteten i prestetenesta.

d) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Møre bispedøme har gått inn i ein prosess der ein finn fram til eit stillingsnivå som er forsvarleg i forhold til dei økonomiske rammene. Med heimel i 2006-vedtaket har bispedømerådet gjort vedtak som gjer at grunnmønsteret for prestetenesta no er redusert tilsvarende 4 stillingar. Arbeidet vert slutført i 2014.

Møre bispedøme vil ha ein bevisst rekrutteringspolitikk for å sikre at ein får motiverte og unge prestar. Vegen til presteteneste, studentkontaktar, intervju og innhenting av referansar ved tilsetjingar er viktige element. Det er også viktig for bispedømet å oppnå balanse i alders- og kjønnssamsetjinga for presteskapet.

4.2 Organisering og leiing av prestetenesta

Nasjonalt

delmål:

Bispedømmerådene , biskopene og prostene skal ivareta god ledelse av prestene, sørge for at prestene har gode arbeidsvilkår og at tjenesten er tilpasset lokale forhold og utfordringer
 (Departementet sitt tildelingsbrev for 2013)

Møre bispe- døme delmål:

God tenestefordeling mellom prestane og mellom sokna
 Full dekning i alle faste prestestillingar, vikarbehev skal stettast. Ny organisering av prestetenesta har som intensjon å jamne ut fordelinga av ressursar og belastninga for kvar einskild prest.

Styrke prosten si rolle som leiar av prestetenesta
 Sikre prestane god arbeidsvilkår
 Tilpassa tenesta lokale forhold

a) Vurdering av måloppnåing

Målet er delvis oppnådd

b) Tiltak som er valde for å nå måla

- Det har vore auka fokus på handsaming og reduksjon av sjukefråver
- Opplæring og oppmoding til å ta i bruk arbeidsplanverktøy «prostemodulen»
- Auka fokus på medarbeidersamtalar
- Arbeidsfordeling mellom prestar – vedtak for 2 av 7 prosti
- Systematisk arbeid med arbeidsmiljøtema i alle prosti og på bispedømenivå-

c) Resultat som tiltaka har ført til

Vi kommenterte i fjar at dei tradisjonelle arbeidsmønstra er «vonde å vende». Bindingane til ei fordjupa presteteneste mot å arbeide meir avgrensa i breidde er ei krevjande omstilling. Reaksjonen vert forsterka når bispedømerådet har tatt bort dei 4 nemnte stillingsressursane. Samstundes noterer vi oss i 2013 at prestane gjennom fagorganisasjonane gjev oss aksept for at det må bli slik.

Følgjande oppstillingar viser situasjonen i Møre på fleire viktige variablar:

Sjukefråver

Møre bispedøme har den høgste reduksjonen i sjukefråver frå 2012 til 2013 i høve til alle andre bispedømer. Det totale sjukefråveret er på 3%, 1,2%-poeng lågare enn landssnittet. Berre to bispedømer har lågare sjukefråver. Dette er situasjonen etter at Møre i 2012 hadde det høgste sjukefråveret blant alle bispedømer. Vi har fokus på sjukefråver i fleire fora. Enkelttilfeller av langtidsfråver kan innvirke sterkt på statistikken. I 2013 hadde vi få slike tilfeller.

Tabell 4.2.1 Sjukedagar som er registrert på fast tilsette prestar i perioden 01.12.2012 til 30.11. 2013.

	Egenmeldt		Legemeldt		Totalt		Endring	
	Sjukedagar	Fraværspst.	Sjukedagar	Fraværspst.	Sjukedagar	Fraværspst.	2012	2011-2013
Møre	55	0,3 %	429	2,7 %	484	3,0 %	6,8 %	-3,8 %
Totalt	647	0,2 %	11 503	4,0 %	12 150	4,2 %	4,8 %	-0,6 %

Uttak av ferie og fritid

Antall feriedager til gode har gått ned fra 2012 til 2013 med 1,7 dagar. Fridagar som ikkje er tatt ut har gått opp om lag tilsvarande – med 1,6 dagar. Vi har høg merksemnd på at prestar skal ta ut ferie- og fritid. Alle prosti har verkty for arbeidsplanlegging og uttak av ferie og fritid. Samstundes er det arbeidssituasjonar som gjer at prestar strekker seg når det er behov. Vi har framleis ein veg å gå.

Tabell 4.2.2 Uttak av ferie og fritid

	Feriedager til gode		Fridager som ikkje er tekne ut	
	2012	2013	2012	2013
Møre	5,4	3,7	1,7	3,3
Alle bispedøma – snitt	2,9	2,8	3,6	3,3

Medarbeidarsamtalar

Møre bispedøme har over tid hatt låg andel medarbeidarsamtalar. Dette har det vore fokus på i ulike fora. Det blir no gjennomført medarbeidarsamalar for 79% av alle prester, ei auke på 30% frå 2012. Årsaka er at nye prostar no er på plass. Framleis ligg vi under snittet, slik tabellen viser

Tabell 4.2.3 Medarbeidarsamtalar

	2012		2013	
	Antal	Andel	Antal	Andel
Møre	34	49 %	57	79 %
Totalt	1092	86 %	1114	87

Milepælsamtalar og avviksmeldinger

Møre bispedøme har ikkje eit system for milepælsamtalar. Utan system er det heller ikkje gjort noko på eige initiativ. Møre har system for melding av avvik. Terskelen for å melde avvik er for høg og læringspotensialet for verksemda går ned.

Tabell 4.2.4 Milepælsamtaler og avviksmeldinger

	Milepælsamtalar	Avviksmeldinger
Møre	0	1
Totalt	52	16

God tenestefordeling mellom prestane og mellom sokna

Prestane i Møre arbeider i mindre samarbeidsområde innanfor prostiet som eining. Som nemnt i 4.1.a har Møre bispedømeråd gjort vedtak om med ein stillingsreduksjon av prestetenesta som til saman utgjer 4 stillingar. Administrasjonen har utarbeidd ei ny normering ut frå eit sett parameter slik at ein kan få ei jamnare belastning mellom stillingane. Ein er no i gang med å fordele dei resterande presteressursane innanfor prostia og samarbeidsområda. Ein erfarer at for å få nytte av heil utjamning, må ein fjerne eininga samarbeidsområde som ytre grense prestetenesta og nytte prostiet som eining for tenesta. Full effekt av målsettinga vil vi ikkje få før i 2014.

Tabell 4.2.5: Fordeling av prestestillingane på stillingskategoriar

	Prost/ domprost		Sokneprest		Kapellan		Prostiprest		Seniorprest		Spesialprest		Totalt	
	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013
Møre	7	6	51	51	7	8	0	0	3	5	2	2	70	72
Totalt for landet	98	101	829	817	178	175	74	71	33	37	67	37	1278	1274

Det er ikkje gjort endring i grunnstrukturen for stillingskategoriar i Møre. Etter ny normering (2013) er full bemanning 74 stillingar. Når statistikken for 2013 viser ei total dekking på 72 prestar, skuldast dette vakansar, ein av dei er domproststillinga.

Talet på prostiprestar og seniorprestar er samla det same som året før. Møre har dei siste åra overført nokre av dei faste sokneprestane til prostiprest- og seniorprest-status som ein del av bispedømet sin personalpolitikk. Lønsgrunnlaget for desse er basert på at dei til kvar tid dekker opp vakansar og permisjonar.

Dei 2 spesialprestane er fengselsprestar.

d) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Vi viser her til problemstillinga som er omtalt knytt å redusere med til saman fire heile prestestillingar. For å jamne ut trykket mellom prestane i prostiet, viser det seg no at vi ikkje kjem til rettes med ordninga frå 2006 med avgrensa samarbeidsområde innan kvart prosti. Omreguleringa og utjamninga krev at prosten no kan nytte prostiet som tenestedistrikt og arbeidsområde for prestane. Samstundes meiner vi at kvar prest må få halde på sine primære arbeidsområde, der tyngda av presteteneste vert utført. Meir enn før krev dette at prosten leier prestetenesta ved å styre heile prostiet som ei heil eining.

4.3 Introduksjon til prestetenesta

Møre bispedøme delmål: Nytilsette prestar går gjennom eit innføringsprogram

Resultatmål	Resultatindikator
Nye prestar skal få ein omfattande og god innføring i prestetenesta	Gjennomsnittleg tal dagar med opplæring for nytilsette prestar

a) Vurdering av måloppnåing

Nye prestar skal få ein omfattande og god innføring i prestetenesta. Målet er i stor grad oppnådd.

Tilbakemeldingane frå prostane på om innføringsprogrammet vert gjennomført lokalt fungerer ikkje heilt, og er noko ujamn. Kursdagane for nytilsette er gjennomført, men talet på deltakar må aukast.

b) Tiltak som er valde for å nå måla

I 2013 ble «Introduksjonsprogram for nytilsette» innført av Bispemøtet. Møre bispedømme innførte sitt regionale «Introduksjonsprogram for nytilsette» i 2011. Målet med programmet er å sikre at eit minstekrav av innhaldsmoment er til stades i alle bispedøma. Innføringsdagane skal bidra til:

- at den nytilsette kjenner seg velkomen
- skape ein trygg arbeidssituasjon
- gje praktisk innføring i arbeidslivet sine rettigheter og pliktar og å gjære den nytilsette kjent med dei lokale forholda han/ho skal arbeide under
- legge til rette for at den nytilsette får den nødvendige oppfølginga han/ho trenger det første halvåret av tenesta.

Innføringsprogrammet strekkjer seg over 3-5 år, og inneholder følgjande element:

- Lokale innføringsdagar (prosten)
- Regionale innføringsdagar (biskopen)
- Vegleiing (biskopen)
- Nasjonale kursdagar (bispemøtet)
- Kompetansegevande kurs (bispemøtet)

Prostane har ansvar for å gjennomføre det regionale innføringsprogrammet og lokale innføringsdagar. I samband med tilsetjingar vert det lokale innføringsprogrammet sendt frå personalavdelinga til prosten og den nytilsette, som ei påminning om at programmet skal følgjast opp. Når programmet er gjennomført skal prosten og den nytilsette signere og sende kopi av dette til bispedømekontoret.

Møre bispedømmeråd arrangerte regional innføringsdag på bispedømmekontoret 30.10.2013. Sidan slike kurs ikkje har vore praktisert før, blei nytilsette for både 2011, 2012 og 2013 invitert. 14

nytilsette var inviterte til kurset, men berre 8 prestar møtte. I desember 2012 vart det også gjennomført innføringsdag for nytilsette prostar.

Alle nytilsette får tilbod om vegleiing. Sjå kapittel 4.5 som dette.

Nasjonal kursdag skal arrangerast i juni 2014. Kompetansegevande kurs som bispemøtet er ansvarlege for er førebels ikkje kome i gang.

c) Resultat som tiltaka har ført til

Prostane si gjennomføring av innføringsprogrammet er noko ujamn, og vi manglar tilbakemelding frå prostane i kva grad innføringsprogrammet vert gjennomført. Kursdagane for nytilsette vart vellukka og tilbakemeldingane frå dei som deltok var gode.

d) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Det lokale innføringsprogrammet vert stort sett gjennomført, men ingen av prostane har foreløpig sendt programmet i retur med signatur frå prost og nytilsett. Personalavdelinga vil heretter etterlyse programmet.

For å auke oppslutninga av den regionale innføringsdagen på bispedømekontoret, vil alle heretter bli *innkalla* i staden for invitert. Prostane skal også orienterast om dette slik at kursdagen vert lagt inn i lokale arbeidsplanar for dei nytilsette.

Vi ser fram til at nasjonale kursdagar blir arrangert våren 2014, og at dei kompetansegevande kursa blir sette i verk frå bispemøtet si side, slik at heile innføringsprogrammet blir fullført.

4.4 Kompetanseutvikling

Møre bispe-

døme delmål: Prestane sine kunnskaper, motivasjon og ferdigheter vert utvikla

Resultatmål	Resultatindikator
Prestane skal ta del i etter- og vidareutdanning	Tal prestar som har deltatt på etter- og vidareutdanningskurs

a) Vurdering av måloppnåing

Prestane skal ta del i etter- og vidareutdanning. Målet er i stor grad oppnådd.

Prestar gjennomfører lengre poenggjenvante kurs. Fleire skulle hatt studiepermisjonar, men budsjettet som er sett av rekk ikkje til i høve til dei mål kompetanseutviklingsplan for prester i Møre har sett seg.

b) Tiltak som er vald for å nå måla

Målloppnåing er knytt til at prestane kan ha tilgang på kompetanseutvikling. Møre bispedøme sitt kompetanseutviklingsarbeid er organisert gjennom det partssamansette Regionale etterutdanningsutvalet, REU. Biskopen er, som øvste leiar for prestetenesta i bispedømet, medlem i utvalet. REU legg strategiar for etterutdanninga og gjer tilrådingar om studiepermisjonar og stipend. Til grunn for arbeidet på dette resultatområdet ligg "Kompetanseutviklingsplan for prestar i Møre bispedøme" (2006). Plana er under revisjon, men er førebels halden tilbake fordi ein ventar på eventuelle endringar som kjem av den sentrale omlegginga.

Studiepermisjonsdagar, studiepermisjon med løn, mm

Tabell 4.4.1: Uttak av studiepermisjonsdagar

År	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Dagar studiepermisjon med løn	498	345	719	364	255	416

Tabell 4.4.2: Tal prestar som har hatt studiepermisjon med løn

År	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Tal prestar	16	21	59	20	9	11

Tabell 4.4.3: Studiepermisjon, gjennomsnitt dagar pr fast tilsett prest

År	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Studiepermisjonsdagar pr prest kompetansegejlevande	5,9	4,3	10,3	4,7	3,6 (3,8)	6,2

Tabell 4.4.4: Kurssøknader gjennom REU-systemet

	2013			2012-2013	
	Søknader	Innvilga	Prosentdel innvilga	Endring tal søknader	Endring tal innvilga
Møre	15	5	33 %	3	0
Landet totalt	274	145	53 %	56	8

Tal på gjennomførte studiedagar viser auke i 2013. Talet på prestar har gått ned. Dette tyder på at prestar vel lengre studieeingar. Dette kan henge saman med omlegginga frå det gamle studieopplegget til nytt mastergradstudium. Ein annan faktor er budsjetttramma for REU som i 2013 viste seg å vere for lita. Tidlegare år har dei avsette midlane rekt til dei som har søkt. Siste året vart budsjettet mykje for lite og fleire søkerar fekk avslag på søknadane sine. Etter at budsjetttramme i 2013 viste seg å vere for lita, valde bispedømmerådet å legg inn ekstra midlar. Tala frå 2010 viser avvik grunna tilbodet om studieturane for alle prestar anten til Israel eller Roma.

I tillegg til dei studieprosjekta som vert registrert gjennom kompetansekartet og handsama i REU, legg Møre bispedøme til rettes for at prestane kan følgje ulike kortkurs, seminar, retreat mm.

c) Resultat som tiltaka har ført til

Det totale talet på studiepermisjonsdagar gjekk meir opp enn nedgangen vi såg frå 2011 til 2012. Færre prestar deltok. Det viser at studieprosjekta no i snitt vert lengre. Dei fleste er knytt til poenggjenvande mastergrad.

Snittet på studiepermisjonsdagar pr faste prestestilling har no gått markert opp. I kompetanseutviklingsplanen har Møre bispedøme sett mål for uttak av studiepermisjonsdagar med eit snitt på 8,75 studiedagar pr. prest.

Eit mindre tal prestar søker kvart år om støtte til kortkurs, seminar, retreat mm. Desse søkerne vert vurderte administrativt. Det er sett at midlar i budsjettet til å innfri ein del av desse søkerne. Ein ønskjer på denne måten å komme i møte individuelle behov. Administrasjonen rapporterer til REU. I tillegg vert det lagt opp til opne kursdagar for prestar eller også tverrfaglege dagar mm der ein som arbeidsgjevar ønskjer at alle prestar deltar.

d) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Vi ønskjer å auke budsjettposten for REU-stipend/permisjonar neste år. Dei låge søkeratale dei siste åra har ført til ei lågare prioritering budsjettmessig enn det kompetanseplanen legg opp til. Dette viser seg no å bli eit dilemma som ein ikkje handterer.

4.5 Vegleiing

Møre bispe-	
døme delmål:	Prestane vert tilbydde regelmessig vegleiing

Resultatmål	Resultatindikator
Prestane skal ha regelbunden vegleiing	Andel prestar som har fått vegleiing
Lettare tilgang til vegleiingsgrupper for prestane i Møre	Innføre tilbod om «opne vegleiingsgrupper» med kontinuerlig opptak av nye medlemmer
Styrke tilgangen på vegleiarkompetanse i Møre	Fleire utdanna arbeidsvegleiarar mellom dei tilsette i Møre bispedøme og i fellesråda

a) Vurdering av måloppnåing

Målet er delvis oppnådd. Om lag 35% av prestane i Møre bispedøme deltok i vegleiing i 2013, i tillegg til at prestane hadde eige vegleiingstilbod. 35% er ein auke frå tidlegare, og auken kjem først og fremst gjennom dei nye tilboda «åndelig vegleiing» og «ressursprestprosjektet» (administrert av Oslo Bispedøme).

Målsettinga bør vere at 60 % av prestane deltek i eit av dei tre vegleiingstilboda på regelmessig basis.

Det er gjennomført ein gradvis overgang til opne, kontinuerlige ABV-grupper i Møre, noko som har medført at tilgangen til vegleiing er blitt noko lettare. Likevel tek det for lang tid frå behovet for vegleiing vert meldt til ein tilsett kjem med i ei gruppe. Dette har mykje med geografi å gjere, og ville blitt enklare dersom fleire deltok i ABV-grupper.

Fleire av arbeidsvegleiarane i Møre er pensjonistar, så det haster med å utdanne nye arbeidsvegleiarar i bispedømet, men det er framleis uklart når det vert sett i gang ein ny runde med arbeidsveilederutdanning.

b) Tiltak og resultat

Av dei som går i ABV-grupper i dag er tilbakemeldingane gode. Det er ikkje gjort ei systematisk evaluering av tilbodet, men det kjem stadig tilbakemeldingar frå deltakarar som seier at «ABV-gruppa» har vore avgjерande for at dei vert verande i stillingane sine og i Møre bispedøme.

Åndelig vegleiing har fokus på gudsrelasjonen, og er såleis noko anna enn ABV. Det første året med åndelig vegleiing er meir krevjande både tidsmessig og personlig enn dei fylgjande åra, derfor utelukkar dette annan vegleiing. Etter det første året med Åndelig vegleiing er det ingen ting i vegen for at tilsette både kan tilhøyre ei ABV-gruppe og få åndelig vegleiing i tillegg.

Frå avgrensa til kontinuerlige grupper

Fram til 2013 hadde alle ABV-grupper i Møre ein felles start og ein felles slutt. Sjølvsagt hende det at folk slutta undervegs og at nye vart teke inn i gruppene, men dette var likevel unntaket. Frå hausten 2012 og våren 2013 er alle dei tre gruppene i Møre definert som «opne» eller «kontinuerlige» grupper. Det vil sei at gruppene ikkje har felles start, og at den heller ikkje har eit bestemt sluttpunkt. Nye medlemmer vert teke inn i gruppa ein gong for året, etter kvart som andre sluttar, og gruppa held fram med same vegleiar over mange år.

Fordeling på ulike tilbod

Det var 27 prestar i Møre (ca. 36 %) som deltok i ulike typer vegleiing i 2013. I tillegg deltok alle prostane i eiga ABV-gruppe.

ABV-grupper	16 prestar	(22 %)
Individuell ABV	4 prestar	(5 %)
Åndelig vegleiing	2 prestar	(3 %)
Ressursprestprosjektet	4 prestar	(5 %)
Prostegruppe	7 prostar	(100 %)

c) Behov for endringar i strategiar og tiltak

ABV er først og fremst eit godt tilbod for å ivareta den einskilde tilsette. Samstundes er det eit godt verktøy for heile kyrkja – for å sikre kvalitet i tenestene våre. Noko av utfordringa er at nokre av dei prestane som ville hatt størst utbytte av å gå i vegleiing, er minst motivert for å søke dette tilbodet. Dessutan er det nok mange prestar som synes det er vanskelig å finne rom for ABV i ein elles fullbooka kalender.

For å auke talet på prestar i Møre som deltek i ABV-grupper, bør det vurderast følgjande systematiske tiltak:

- Ved utlysing av ledige prestestillingar kan det presiserast at vi forventar at nytilsette vert med i ABV-grupper eller tek imot annan vegleiing.
- At prostane med jamne mellomrom informerer prestar og andre vigsla tilsette i sine prosti om dei vegleiingstilboda som finst i Møre.
- At prostane motiverer prestar til å gå i vegleiing, og at det vert lagt til rette for deltaking i ABV-grupper.
- At det vert lagt til rette for at to nye kandidatar frå Møre bispedøme kan ta til på AVU når eit slikt tilbod vert lyst ut.

4.6 Likestilling

Nasjonalt delmål:	Det skal motiveres og legges til rette for at flere kvinner søker tjeneste som menighetsprester og innehavar lederstillinger i kirken. (Departementet sitt tildelingsbrev for 2013)
Møre bispe- døme delmål:	Same som det nasjonale

Resultatmål	Resultatindikator
Andel kvinnelege prestar, prostar og biskopar skal auke	Andel kvinner i faste prestestillingar.
Evt regionale resultatmål:	Andel kvinner i stillingar som prost og biskop
	Evt regionale resultatindikatorar

a) Vurdering av måloppnåing.

Andelen kvinnelege prestar, prostar og biskopar skal auke. Målet er i stor grad oppnådd.

Kvinnedelen av prestar har auka med 5,7 % i perioden 2009-2013. 1 av 5 prestar i Møre bispedøme er kvinner.

b) Tiltak som er valde for å nå måla

Møre bispedøme har som mål å oppnå god fordeling mellom kvinner og menn gjennom rekruttering, fokus på løn og arbeidsvilkår og gjennom å forstå dei særskilde utfordringane kvinner kan oppleve i prestetenesta.

Kvinnedel i presteskapet, 2009-2013

Tabell 4.6.1: Prosentdel kvinnelege prester for perioden 2009 til 2013 i Møre bispedøme og totalt for heile landet.

2009		2010		2011		2012		2013	
Kvinner Møre	Totalt landet	Kvinner Møre	Total landet	Kvinner Møre	Total landet	Kvinner Møre	Total landet	Kvinner Møre	Total landet
15,1 %	22,5 %	14,3 %	26,2 %	16,2 %	26,5 %	18,6 %	27,2 %	20,8 %	29,4 %

Tala er rekna ut frå alle prestestillingar pr. 30.11.13. Prosentdel kvinner i Møre har gått opp frå 18,6 % i 2012 til 20,8 % i 2013. Dette er ei auke på 2,2 %. I perioden frå 2009 til 2013 er prosentdelen kvinnelige prestar auka med 5,8 %.

På teljetidspunktet er det tilsett 15 kvinner av i alt 72 faste prestestillingane. Av dei 7 faste prostane er det 2 kvinner. I gruppa ”biskop og faste prostar” (1+7=8) er kvinnedelen 42,9 %. Frå 2009 til 2013 er dette ein auke på 14,3 %.

Rekruttering

Tabell 6.6.2: Søknadar og tilsettingar - kvinnedel

	Søknader						Tilsettingar					
	Tal søknader		Av desse frå kvinner		Kvinnedel		Tal tilsettingar		Av desse kvinner		Kvinnedel	
	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013
Møre	35	33	11	7	29 %	21 %	6	11	1	4	12,5 %	36 %
Landet	835	893	274	324	33 %	36 %	105	164	37	65	35 %	40 %

I 2013 hadde Møre 13 tilsetjingssaker. Totalt kom det inn 33 søknadar på faste stillingar, der 7 av søkerne var frå kvinner. Fire kvinnelege søkerar vart tilsett. Både tale på søkerne og talet på kvinnelege søkerar har gått opp. Etter at det vart tilsett kvinneleg prest i Austre Sunnmøre prosti, er det no for første gong kvinnelege prestar i alle dei sju prostia.

Fråtreding kvinner og menn, 2012 og 2013

Fig. 4.6.3 Fråtreding kvinner og menn 2012 og 2013 etter årsak. Alle bispedøma i parentes.

	Anna prestestilling	Anna kyrkjeleg stilling	Ikkje kyrkjeleg og anna/ Ukjend	Alderspensjon og AFP	Sum avgang
Kvinner 2012	1 (10)	0 (3)	0 (10)	1 (6)	1 (29)
Kvinner 2013	1 (15)	0 (2)	0 (6)	0 (3)	1 (26)
Menn 2012	4 (25)	1 (5)	0 (16)	3 (31)	8 (77)
Menn 2013	0 (44)	0 (9)	1 (15)	3 (56)	4 (124)

Tabellen over viser årsakene til fråtreding frå prestestillingar i Møre fordelt på kjønn. I 2013 gjekk 1 kvinne over i anna prestestilling. Ein mannleg prest gjekk over i anna prestestilling utanfor kyrkja, medan 3 mannlege prestar gjekk av med pensjon. Ur frå tabellen er det vanskeleg å sei noko spesielt om trendar når det gjeld fråtreding av prestestillingar i Møre.

c) Resultat som tiltaka har ført til

Andelen kvinner i prestestilling i Møre er no på 20,8 %, dvs. at 1 av 5 prestar er kvinner. For 5 år sidan var kvinnedelen berre 15,1 %. Dette er ei auke på 5,7 % sidan 2009.

Møre er av dei bispedøma som tradisjonelt har hatt få kvinnelege prestar og er også blant dei bispedøma som har hatt liten vekst i kvinneandelen i perioden 2004 til 2011. For 2013 viser andelen av kvinnelege søkerar oppgang.

Møre bispedømeråd arbeider aktivt for å oppnå ei balansert alders- og kjønnssamsetjing i presteskapet. I vurderinga av søkerane vert det sett på som ein fordel at det er kvinner blant søkerane.

Kvinner er tilsett i 4 av 11 tilsettingssaker. At kvinnedelen knytt til tilsetting forsett er relativt låg, må ein sjå i samanheng med kva stillingar som har vore lyst ut og dei føresetnadene ein har lagt til grunn for tilsetting i stillingane. Bispedømerådet søker å tilsette den som er mest eigna til stillinga, men tek også dei vanlege kriteria for tilsetting med i vurderinga, slik som ansiennitet og at kvinner er oppmoda om å sökje m.m. Så langt ser det ut til at dei kvinnene som har etablert seg i Møre, held seg stabile.

I etterutdanningspolitikken vår er det lagt inn målsettingar som særleg rettar seg mot kvinner. Møre bispedømeråd har og gjort vedtak om ein livsfasepolitisk plan som skal gjere det mogleg å leggje til rette for at kvinnelege prestar kan bli rekrutterte og bli ståande i presteteneste.

Møre bispedøme har også eit eige kvinnekunstnettverk som vart etablert i 2011. Dei kvinnelege prestane som tek del i dette nettverket gjev tilbakemelding om at dei har stort utbytte av desse samlingane.

d) Behov for endringar i strategiar og tiltak

Sjølv om alle prostia no er representert med kvinnelege prestar, er det framleis relativt få kvinner i presteteneste i Møre. Tilgang eller avgang får difor stor innverknad på statistikken vidare. Vi vil halde fast på haldningar og tiltak som er nemnde ovanfor.

**Årsrapport del 5
MØRE I 2013 – FRIE DYKK I TRE TEMA**



Frå Todalen. Foto: Sjur Fedje

5.1 FYRSTE DYKK

PRESTETENESTA – ARBEIDSPLASSUNDERSØKINGAR OG MOBBING

Bakgrunn

Arbeidsforskinsinstituttet (AFI) ved Asbjørn Grimsmo la i mai 2013 fram rapporten «Forekomsten av mobbing i Den norske kirke». Rapporten viser at tilsette i begge arbeidsgjevarlinene i DnK oftare opplever seg mobba eller trakkert på arbeidsplassen, enn det som er vanlig i norsk arbeidsliv elles. Medan lang tids forsking viser at om lag 5% av norske arbeidstakalar kjerner seg mobba på jobb – viser denne undersøkinga at om lag 7,5% av dei tilsette i DnK opplever det same.

Undersøkinga er presentert i bispedømerådet, prostemøtet, Kyrkjeleg arbeidsgjevarforum, RAMU og Kontaktmøtet. Undersøkinga vil vidare bli teke opp i ulike felles møte i 2014. Det er utvikla rutiner for avviksmeldingar mv, desse er gjort tilgjengelege på våre heimesider.

Visjon i Møre bispedøme

Møre bispedøme har ein 0-visjon med omsyn til mobbing på arbeidsplassen. I visonsdokumentet vårt står det at vi vil ha «trygge medarbeidarar som ser kvarandre og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap».

Utdjuping av funna i undersøkinga

Undersøkinga fastslår at «den mobbingen og trakkeringen som forekommer i kirken, skjer hyppigere enn det som er vanlig; nærmere 12 % av de som blir utsatt opplever mobbing på ukentlig basis» (referansetallet er under 5%). Undersøkelsen viser dessutan at mobbing skjer i alle typar arbeidsrelasjonar. Det er likevel mest vanlig at den som vert trakkert opplever at det er næreste overordna, ein annan leiari eller ein kombinasjon av desse som står for mobbinga. 45 % av dei som vert mobba opplever det slik. Vel 35% av dei som vert mobba peiker på arbeidskollegaer som «aktør» i mobbinga.

Undersøkinga viser dessutan at tilsette i Møre bispedøme ligg like over snittet på landsbasis, med omsyn til å oppleve mobbing og trakkering på arbeidsplassen. (7,7%) Fellesrådstilsette er på landsbasis noko meir utsett enn dei som har bispedømeråda som arbeidsgjevar.

Den tabellen i undersøkinga som vekker mest oppsikt, er tabellen over opplevd mobbing etter yrke. Her går det fram at kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar/reinhaldar mv. er mest utsett for mobbing i kyrkja (11,8%). Like eins kjem kyrkjemusikarane uheldig ut, med ein andel på nærmere 10 % som kjerner seg mobba.

Samanlikning med våre eigne arbeidsplassundersøkingar

Arbeidsplassundersøkingane mellom prestar tilsett i Møre bispedøme har kvart år stilt dette spørsmålet: «*Har du siste året opplevd mobbing/trakkering?*» Tabellen nedanfor viser talet på prestar i Møre som svarte ja på dette spørsmålet.

Tabell 5.1.1. «*Har du siste året opplevd mobbing/trakkering?*»
(Arbeidsplassundersøkingar i Møre bispedøme 2010 – 2013)

År	Bekreftande svar på spørsmålet	Antall svar totalt
2010	1	N = (ikkje registrert)
2011	5	N = 52
2012	0	N= 45
2013	1	N= 61

Tiltak

For å førebyggje mobbing er det viktig å ha eit kontinuerlig fokus på korleis vi kan styrke arbeidsmiljøet i stabane og på bispedømekontoret. «Plan for vegleiing og personlig utvikling» listar opp mange tiltak for å styrke den einskilde arbeidstakaren personlig, og stabane som team.

Planen har eit eige avsnitt om stabsutvikling:

«Møre Bispedøme ynskjer å stimulere gode kyrkjestabar til å bli endå betre – og gi hjelp til stabar som ynskjer å bli betre i kommunikasjonen seg imellom. Dette er ikkje eit program for å løyse personalkonflikter eller drive gruppeterapi for stabar der kommunikasjonen er gått heilt i vranglås. Stabsutvikling bør høyre med til standardprogrammet for einkvar stab som vil at tilsette skal trivast og utfalde seg.»

Mange stabar gjennomfører eigne tiltak for å utvikle samhald og ta vare på eit godt klima seg imellom. Møre bispedøme ynskjer å utvikle eigne ”program” som vi i neste omgang kan tilby stabane å bli med på.»

Det er starta eit prosjekt i arbeidsvegleiargruppa for å prøve ut eit program for stabsutvikling. I første omgang skal programmet prøvast ut i to stabar før ein går ut med eit ope tilbod til kyrkjelydsstabane i Møre. Fagsamlinga for ABV-vegleiarar i Møre og Nidaros i november 2013 hadde særleg fokus på stabsvegleiing.

Avviksmeldingar og konflikthandtering

Terskelen for å sende inn avviksmeldingar er høg, og det er derfor sjeldan det vert sendt inn avviksmeldingar frå tilsette i Møre bispedøme. Temaet er teke opp i møte med dei tilsette utan at dette har medført fleire avviksmeldingar. Dermed står vi i fare for at konfliktar får utvikle seg og «vekse» før det vert sett inn tiltak.

Sentralt arbeidsmiljøutval for prestar (SAMU), påpeikar at rutinar for konflikthandtering alltid skal ivareta desse omsyna:

- Løysing skal søkast på lågast mulig nivå
- Arbeidsgjevar må syte for at involverte partar i ein konflikt vert ivaretakne
- Status for møter i konflikthandteringa skal være avklart på førehand
- Arbeidstaker har rett til bisitter, jf. forvaltningsloven § 12 og tjenestemannsloven § 18
- Det er referatplikt frå alle møter i konflikthandteringa, og at referata skal underteiknast av begge partar
- Involverte partar i ein konflikt skal straks bli gjort kjende med eventuelle klagemål mot dei, og få høve til å imøtegå desse.
- Alle klagemål skal grunngjenvæst, og ein skal ikkje bruke personkarakteristikkar.

Kultur og verdiforankring – lokal undersøking

Det er ei målsetting for Møre bispedøme at konfliktar i størst mulig grad skal førebyggast. Vi meiner det er effektiv ressursbruk – og dessutan at det er betre både for personalet og for arbeidsmiljøet, enn opprivande konflikthandtering i etterkant.

Hausten 2013 vart det gjennomført eit enkelt verdistudium i Møre bispedøme der to prestar vart intervjua for å finne kvalitative svar på hovudspørsmålet «Kva er det som avgjer om prestar opplever seg sett og fulgt opp av Møre bispedømekontor?».

Dei to prestane, ei kvinne (K) og ein mann (M), vart mellom anna spurt konkret om kva type oppfølging dei opplevde som særleg viktig for sin eigen del, og om dei hadde sakna oppfølging frå bispekontoret i samband med særlege belastningar i tenesta. Begge to gjev uttrykk for at dei har formelle forventningar til bispekontoret. Den kvinnelige presten er mest oppteken av ryddige og forutsigbare arbeidsforhold. At stillingar vert besatt og at ein slepp å ta ekstratenester på grunn av vakante stillingar, medan den mannlige presten understrekar behovet for avbrekk og er glad for at han har fått tilskot til vidareutdanning.

«Gode rammevilkår for tjenesten. Som går litt på muligheten for å ta et steg til siden og studere litt - for påfyll og litt avbrekk. Ja, det trur eg er det viktigaste» (M)

Samstundes kjem det tydelig fram at begge dei to prestane har forventningar om noko meir frå bispekontoret enn dette formelle. Sjølv om dei er usikre på kva dei kan forvente – så forventar dei innerst inne at bispekontoret også skal vise interesse og omtanke for korleis dei har det i arbeidskvarden. Presten (M) som har lengst fartstid, er den som i størst grad har mist illusjonane om ein slik kontakt.

«Om bispekontoret siste 10 år har gitt noen signaler eller tatt kontakt for å høre om eg har en belastende arbeidssituasjon, så har eg i hvert fall glemt det bortsett fra en gang. På den andre sida har eg ingen forventninger om det heller altså. Har ingen forventninger om at noen skal ringe eller møte opp eller spørre om vi skal ta en prat.» (M)

På direkte spørsmål til den kvinnelige presten, om ho nokon gong er blitt kontakta av bispekontoret i samband med særskilde belastningar i tenesta, svarar ho kort og godt «Nei», og legg til at det er noko ho har sakna. Og sjølv om den mannlige presten seier han ikkje har forventningar om å bli kontakta frå bispekontoret berre for ein uformell prat, så kjem det tydelige fram at dette er noko han saknar. Den kvinnelige presten gir uttrykk for liknande forventningar, men måten ho uttrykker seg på kan tyde på at ho også er litt usikker på kva ho kan forvente.

«Altså: Et sted inne i meg har jeg forventninger om det. Jeg vet at folk har forventninger om det. (...)En bit av meg synes det ville vært veldig hyggelig. (...)Bare at en slo av en prat på telefon - behøver ikke være mer enn 10 min for å høre hva som foregikk der ute.» (M)

«så skulle eg også ønske at det også handla om en sånn type personlig – om ikkje kontaktperson, så i alle fall oppfølging, litt sånn – ikkje kontinuerlig, men en og anna gong hadde det vore fint om nokon tok en telefon og spurde «korleis går det?» eller sånn «er det er noko vi kan hjelpe til med eller bidra med? Et eller anna.» (K)

Begge prestane vart spurt om dei kjente til visjonsdokumentet for Møre bispedøme. Ingen av dei kunne sei nøyaktig kva som stod der, men når formuleringa vert sitert, understrekar begge at dette er ei formulering dei kjenner seg att i - fordi dette karakteriserer arbeidsforholda i den lokale staben. Samstundes understrekar begge at bispedømekontoret spelar ei underordna rolle i denne samanhengen.

«Den setninga (fra visjonsdokumentet) stemmer i stor grad på arbeidsplassen min – i soknet og i kollegiet. Der vil eg sei den stemmer. Reint konkret med oss nå, så stemmer den fordi vi har god ledelse fra kirkeverge, som bidrar med personlighet og rammer. (...)Men det er ei setning som ikke forplikter bispekontoret noe særlig. (...) jeg tror ikke det er en refleksjon av spesifikke handlinger sånn som telefonsamtaler fra Bispekontoret. Det er det jo ikke!» (M)

Noko av det mest påfallande i svara til dei to prestane er måten dei begge framstiller relasjonen til bispekontoret på:

«Det (at han ikkje har forventningar om å bli kontakta frå bispekontoret – min anm.) er vel uttrykk for at det på ein måte ikkje er noe reelt forhold mellom meg og bispekontoret. Det er en formell struktur, og det er en arbeidsgiver. Det er alt.» (M)

«For meg så oppleves bispekontoret litt sånn fjernt. Det oppleves langt dit, selv om det ikke er det.» (K)

Dei to prestane er samstemte i opplevinga av at bispekontoret er langt borte frå arbeidskvardagen deira. Samstundes understrekar begge to kor viktig det er å ha ryddige og trygge arbeidsforhold, og at dette er det dei først og fremst forventar frå bispekontoret si side – ein profesjonell arbeidsgjevar, som raskt lyser ut vakante stillingar og som syt for vikarar når det trengs. Ein arbeidsgjevar som tilbyr arbeidsvegleiing, og som gjev tilsette ein sjanse til å oppdatere seg faglig gjennom kurs og studiepermisjonar. Samstundes har dei forventningar til bispekontoret om at arbeidsgjevar på ein eller annan måte viser at han bryr seg om korleis dei har det i tenesta, i kvardagen sin.

Undersøkinga gjev ikkje eintydige svar på kva som kunne betre relasjonen mellom prestane i Møre og bispedømekontoret, men begge prestane i denne undersøkinga foreslår at bispekontoret oftare kunne ta ein telefon berre for å slå av ein prat.

Undersøkinga har heller ikkje hatt fokus på prosten si rolle når det gjeld oppfølging av lokale prestar, men ein kan lure på om mange kyrkjelydsprestar uansett ynskjer ein direkte relasjon til bispekontoret, uavhengig om dei har eit nært forhold til prosten eller ikkje. På den andre sida synes tala frå arbeidsplassundersøkinga 2013 blant prestar i Møre å vise ein klar samanheng mellom prestane si oppleving av relasjonen til prosten sin, og deira oppleving av relasjonen til bispekontoret. Ein god relasjon til prosten predikerer ein god relasjon til bispekontoret.

5.2 ANDRE DYKK

REKRUTTERING TIL PRESTETJENESTEN

«Veien til presteteneste (VTP)», sommervikartjeneste og innføringsprogram for nye, unge prester
 Vi opplever at VTP er en viktig dør til rekruttering av nye prester. Kontakten som opprettes med en del av studentene i løpet av studietiden, viser seg å gi oss flere søker fra nyutdannede prester til Møre. I kombinasjon med de ordinære VTP-programmene, og ved å pleie kontakten med den enkelte student, har vi oppnådd et kontakt- og tillitsforhold mellom biskop/bispedømme og studenter som er svært verdifullt.

Møre bispedømme har de siste, og det foregående året, prioritert å sette av ekstra midler til sommervikartjeneste for VTP-studenter som er knyttet Møre. I 2013 var 5 studenter engasjert i fra 4-6 uker som regulære prestevikarer, delvis knyttet til vakanser og delvis som supplerende ressurs i prostiet. Møre biskop har valgt å se dette ut fra flere synsvinkler:

- VTP-studentene «våre» får anledning til utvidet praksis i studietiden, og det gir en gevinst tilbakeført i studiet og studentens egen modning. Flere av våre studenter har gitt uttrykk for dette.

- Møre får tilført sårt tiltrengt presteressurs i sommerukene som gir avlastning til de faste prestene som er tilbake på jobb.
- Tiltaket har klart rekrutterende effekt ved at studentene kjenner seg møtt, ivaretatt og en begynnende tilknytning til Møre. Vi ser også resultater i form av flere søknader og tilsettinger. I løpet av sommerperioden har seniorrådgiver for personal og ansvarlig for VTP samlet sommervikarene til en refleksjonsdag på Møre bispedømmekontor. Erfaringsutveksling, gjensidig støtte og veiledning har vært programinnhold. Responsene er entydig gode.

For budsjettåret 2014 har bispedømmet ikke sett seg i stand til å sette av budsjettmidler til tiltaket. Dette vurderes som et svært beklagelig tap for studentene, for bispedømmet og for den generelle rekrutteringssituasjonen.

Innføringsprogrammet som nå er trådt i kraft og som utvider det tidligere bispedømmebaserte programmet, vurderes å være avgjørende for at vi kan ta vare på, og beholde, prester i Møre. På sitt og vis kunne en gi programmet et navn i forlengelsen av VTP og kalt det «Veien inn i prestetjenesten» eller VIP, fordi det kjennes som en naturlig forlengelse av det programarbeidet som nå har festet seg gjennom VTP-tiltakene.

Rekruttering til prestetjenesten – tiltaksplan 2010

En arbeidsgruppe oppnevnt av Kirkedepartementet leverte en rapport i 2010 knyttet til rekruttering til prestetjenesten. Rapporten lister opp en rekke tiltak av eksisterende karakter basert på nye ideer. Av tiltak som nevnes har Møre m.a. realisert:

- Å «hente» prester fra utlandet. I 2013 hadde vi 3 islandske prester i Møre, to i faste stillinger og en i et sommervikariat. Vi har tidligere rekruttet inn både tyske og danske prester. Erfaringene har vært blandet og skyldes ulike årsaksforhold. Utenlandske prester krever språkferdigheter, kulturkjennskap og tilpasningsevne. Prestetjenesten er en profesjons art som fordrer stor menneskelig innsikt og orienteringsevne. En del utlendinger har for stor distanse i utgangspunktet for å mestre dette, mens andre mestrer det godt. Av det følger at en seleksjonsprosess ved tilsetting må være grundig fundert og gjennomarbeidet.
- Av virkemidler, ønsker vi oss større økonomisk handlingsrom i forbindelse med rekruttering. Dette gjelder muligheter for å presentere Møre for aktuelle søkeres gjennom besøk og omvisning. Vi kunne dra nytte av økonomiske særavtaler ved tilsetting i særlig vanskelige områder. Dette gjelder særlig enkelte stillinger på øygruppene langs Mørekysten som viser seg vanskelig å få besatt. Den generelle økonomien i bispedømmet gir ikke rom for særavtaler.
- Tidligere har besøk på de forskjellige studiestedene vært gjennomført, men ikke de siste årene. Grunnen er kort og godt en påtagelig tidsklemme i personalavdelningsnivået ved bispedømmeadministrasjonen. Dette svekker avgjort studentkontaktene og i siste instans et mer generell søkerpotensiale for Møre.
- Det har ikke lyktes å «hente tilbake» ordinerte prester som er gått ut av prestetjenesten til annen virksomhet, tross flere forsøk på å samle disse og motivere til fornyet kirkelige tjeneste.
- Vi har noen få eksempler på at prester er kommet til gjennom andre og tredje veg til prestetjenesten.

Rekrutteringsplan for Møre

I 2010 vedtok Møre bispedømmeråd en omfattende plan for rekruttering etter framlegg fra en gruppe unge prester, en prost og personalrådgiver ved bispedømmeadministrasjonen. Planen retter seg mot studenter og studiesteder, mot søkeres, nyttsatte, tilsatte generelt og ordinerte i andre profesjoner. Den har kapittel om markedsføring, økonomi og en tidsplan. Ideen og planen er god, men dessverre er strander mye på evnen til å gjennomføre grunnet andre oppgaver som krever oppmerksomhet, økonomi og energi.

5.3 TREDJE DYKK

DÅPSTAL OG MEDLEMSUTVIKLING

Vi skal sjå nærmere på dåps tala og medlemsutviklinga i Møre bispedøme. På landsbasis ser vi at andelen av befolkninga som er medlemmer av den Norske kyrkja er minkande. Frå 2005 til 2012 har medlemstalet redusert frå 85% til vel 76% - ein nedgang på 9%. Samstundes ser vi at tala på døypte minkar. Vi har i denne samanheng fått i oppdrag å gjere oss nokre tankar angåande korleis bispedømmerådet og Den norske kyrkja generelt kan vil møte desse utfordringane. Før vi svarar på dette spørsmålet, vil vi sjå korleis utviklinga har vore i Møre bispedømme i perioden 2006-2012.

Vi bruker tall frå Statistisk sentralbyrå (Kirke nivå 2 (K) etter region, statistikkvariabel og tid) og tabellar frå NSD og «medlemmer på soknenivå».

Vi ser at det også i Møre bispedøme er ein nedgang i talet på medlemmer for perioden 2006-2012. Dette gjeld også for talet på døypte.

Når det gjeld talet på medlemmer i prosent av befolkning, ser vi at det er ein nedgang over heile bispedømet. (Samla sett ein nedgangen på 6391 medlemmer i heile bispedømet.). Samstundes er det verdt å nemne at prosenten kan variere frå stad til stad. Nedgangen i prosent ligg mellom 0,6% (Halsa i Indre Nordmøre prosti) og 12,6% (Sande, Søre Sunnmøre prosti). Dei fleste ligg mellom 4% og 7%, men det er også fleire som ligg på 8% og 9% nedgang. Det vil si at Møre ikkje har den same nedgangen som ein viser til på landsgjennomsnittet. Vi ser også at prosenten på talet på medlemmer pr. innbyggjar er høgare enn landsgjennomsnittet. Utifra skjemaet frå statistisk sentralbyrå ser vi at det i 2012 ikkje er nokon stad som har lågare oppslutnad enn 80,5% (Haram, Nordre Sunnmøre prosti), og dei fleste har større prosentvis oppslutnad enn dette – heilt opp i 93,1%. (Rindal, Indre Nordmøre prosti) (1). Det er mange stader med høg prosent og vi ser at det er samanheng mellom dei minste stadene og høg prosent. Samstundes ser vi at det også er småstadane som har størst prosentvis nedgang frå 2006 til 2012. Det viser oss at desse stadene har hatt svært høg prosent i utgangspunktet.

Når det gjeld dåpsutviklinga, ser vi at den også ligg høgare i Møre bispedømme enn på landsplan. Samstundes ser vi at det også her er ein nedgang. Alle prosti har ein nedgang i talet på dåp. Molde domprosti har lågast nedgang med 5 dåp i peiroden 2006-2012. Den største nedgangen er i Nordre Sunnmøre prosti med 109 dåp i den same perioden. Det er viktig å få fram at det for alle prostia varierer innanfor perioden. Vi ser samstundes at fleire av prostane melder inn at det er mange dåp i prostiet, noko som viser oss at utviklinga skjer gradvis og at vi kanskje ser at vi har mange dåp i forhold til langsgjennomsnittet.

Det har vore kjent i mange år at Møre bispedøme har høg dåpsprosent i forhold til mange andre bispedømmer. Ein kan lure på kvifor det er slik. Noko av grunnen ser vi nok i at det er relativt høg prosent på talet på medlemmer pr. innbyggjar. Samstundes ser vi at det er mange barn som vert døypt her som ikkje har bustads adresser i soknet. Vi veit ikkje om desse kjem langvegsfrå eller om dei høyrer til ein annan plass i prostiet, men vi har grunn til å tru at det kjem ein del langvegsfarande «heim» for å døype. Dette kan vi blant anna lese ut i frå at det er svært høg dåpsprosent enkelte stader. Vi er heilt oppe i 245,5% (Sandøy i Molde domprosti i 2007) innanfor perioden 2006-2012. Det er imidlertid ikkje slik i 2012, men sjølv dette året er det høge prosentar; ei bygd har ein dåpsprosent på 160 (Vanylven, Søre Sunnmøre prosti). Svært mange stader er dåpsprosenten høgare enn medlemstalet. Vi ser at det er dei små stadane som har høgast oppslutnad om dåp, noko som gjev oss grunn til å tru at dei små stadene klarer å bevare kjensla av

å høyre til i større grad enn dei større «bygdebyane» og byane. Men også i «bygdebyene» er det høg oppslutnad om dåp. Vi ser noko mindre oppslutnad i byene, men også her er den generelt høg i Møre bispedøme.

Alt i alt kan vi seie at medlemstalet og dåpstalet for Møre bispedømme er høgt i forhold til resten av landet. Samstundes må vi ta inn over oss at vi også har ein nedgang og slik sett møter dei same utfordringane som kyrkja elles i landet gjer. Korleis kan og vil bispedømmerådet og Den norske kyrkja generelt møte desse utfordringane? Dette er i utgangspunktet eit stor spørsmål som kyrkja må ta sentralt, men nokre tankar kan vi prøv oss på frå Møre bispedøme. Eit svar på dette kan være å ha tilsette med god fagleg utdanning. Det er mykje fokus på prestetenesta i kyrkja, men det er mange andre ulike stillingar i kyrkja som vi må satse på når vi skal bygge kyrkjelyd som skal kommunisere ut til folket. Vi vil i denne samanheng trekkje fram tre vigla tenester; kateketane, diakonane og kyrkjemusikarane. Dei har viktige oppgåver innanfor undervisning, diakoni og kyrkjemusikk. Dette er viktige element inn i kyrkjelydane. Det er viktig at kyrkja ser sitt ansvar i å utruste og ikkje minst verdsette desse stillingane slik at tilsette opplever det som relevant og meiningsfullt å være i slike yrker. Samstundes treng vi å rekruttere fleir til desse stillingane. Det er difor viktig å oppretthalde og styrke tilskotsordningane til stillingar for undervisning, diakoni og kyrkjemusikk. Det er også viktig at kyrkja jobbar for å utruste alle dei nye trusopplæringsmedarbeidarane. Mange av dei har ulik bakgrunn og har behov for ei kyrkjeleg «utdanning»/kurs når dei skal i gang med å utvikle trusopplæringa i kyrkjelydane. Den norske kyrkja har også eit godt tilbod til sine døypte medlemmar gjennom trusopplæringsreforma. Når denne vert innlemma i alle kyrkjelydane vil det være viktig å få til gode kommunikasjonsarenaer slik at dette når ut til folk. Vi ser også at det er viktig å styrke dei lokale kyrkestabane med kurs for tverrfagleg samarbeid, slik at det vert lettare å stå saman i utviklinga av lokalkyrkjelyden. Det er også viktig at kyrkja er der når born blir født, slik at foreldra får tilbod om dåp. Her er det viktig å oppretthalde gode meldingsrutinar til lokalkyrkja ved fødsel, og vidareutvikle invitasjon til dåp og trusopplæring frå lokalkyrkja.

Prostar dokumenterer at ikkje alle døypte påmeldte til konfirmasjon er med i medlemsregisteret. Dette får innverknad på fordeling av trusopplæringsmidlar, invitasjon til dåp, tiltak i trusopplæringa og årsrapporteringa. De er viktig at Kyrekerådet prioriterer oppdatering og kvalitetssikring av medlemsregisteret.

**Årsrapport del 6
GJENNOMGÅANDE KRAV**



Frostrøyk ved Kvanne Foto: Sjur Fedje

6.1 Beredskap og sikring

Møre bispedøme sin beredskapsplan for handtering av katastrofer og ulykker vart gjennomgått og revidert i 2013. Den har vore oppe i Kyrkjeleg arbeidsgjeverforum i Møre to gonger i løpet av året, og vart endelig handsama i Bispedømerådet i desember 2013. Likevel ser vi at dette er ein plan som må kvalitetssikrast kontinuerlig ved at den vert teken brukt og evaluert i aktuelle saker.

LRS-prestane har spelt ei sentral rolle i revisjonsarbeidet. Særlig ved Sunnmøre politidistrikt er det eit tett og godt samarbeid mellom LRS-prestane og politimesteren. Det nye planen er tydeligare i forhold til å beskrive samarbeidet mellom prost, LRS-prestar, kyrkjeverje og kommunale kriseteam. Likevel er det behov for å gjennomføre papirøvingar som kan avdekke utfordringane når dette samarbeidet skal fungere i praksis.

Den nye planen er ikkje utan vidare forpliktande for fellesråda, og utfordringa framover er å syte for at prinsippa i planen får gjennomslag lokalt, og at fellesråda lagar sine eigne lokale planar som samsvarar med bispedømet sin plan. Etter kvart som fellesråda får sine eigne planar kan det nok tenkast at også Møre bispedøme må justere sin plan på nokre punkt.

Møre bispedømeråd er også i ferd med å revidere «Plan for beredskap og handtering av seksuelle overgrep». Her har vi henta innspel både frå lokale og sentrale fagfolk, og planen skal leggast fram for MBDR til endelig godkjenning i løpet av våren 2014.

6.2 Likestilling

«Bispedømmerådene skal tilstrebe et arbeidsmiljø som bærer preg av mangfold og likestilling. Virksomheten skal arbeide aktivt for å hindre diskriminering, jf likestillingsloven §1a, diskrimineringsloven §3a og diskriminerings- og tilgjengelighetsloven §3.» Jf pkt 4.4.2 i virksomhetsinstruksen.

Som offentleg forvaltingsorgan og arbeidsgjever har biskop og bispedømeråd plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Dette går fram av Likestillingslova § 1 a, diskrimineringslova § 3 a og diskriminerings- og tilgjengelighetslova § 3. Dei områda som særleg blir vektlagde er at kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisitet, religion m.v. er i tråd med lov pålagte krav.

Som følgje av aktivitetsplikta skal biskop og bispedømeråd gjennom årsrapporten gjere greie for kva som er gjort for å oppfylle denne.

Prestar: Likestilling mellom kjønna i arbeidsgjeverrollen:

Tabell 6.2.1 Kjønnsfordeling prestar, fordelt på stillingsgrupper

		Biskop/ prost		Sokneprest		Kapellan/ prostiprest		Andre		Totalt	
		Antall	Kvinner	Antall	Kvinner	Antall	Kvinner	Antall	Kvinner	Antall	Kvinner
Møre	2013	7	43 %	51	16 %	8	38 %	7	29 %	73	22 %
	2012	8	38 %	51	14 %	7	43 %	5	20 %	71	20 %
Totalt	2013	113	27 %	817	27 %	246	41 %	137	33 %	1313	30 %
	2012	108	26 %	829	25 %	251	38 %	128	32 %	1318	28 %

Tabellen gir oversikt over fast tilsette prestar og andelen kvinner i 2012 og 2013 fordelt etter ulike stillingskategoriar. I kategorien andre inngår seniorprestar, spesialprestar og enkelte med andre stillingskodar som er løna under kap. 1591, post 01. Som følgje av at biskopar og andre inngår i grunnlaget er ikke prosentandelen fullt ut samsvarande med det som er oppgitt i tabell 10.1. Kolonnene til høgre angir kvinneandelen totalt i bispedømet. Dei to nedste radene viser kjønnsfordelinga totalt i presteskapet for alle bispedøme.

Tabell 6.2.2 Prestar: Gjennomsnittleg løn for kvinner i prosent av snittløn menn

		Biskop/prost	Sokneprest	Kapellan m.m.	Andre	Totalt
Møre	2013	118 %	96 %	104 %	98 %	105 %
	2012	116 %	97 %	98 %	114 %	105 %
Totalt	2013	102 %	98 %	96 %	99 %	98 %
	2012	101 %	98 %	99 %	94 %	97 %

Tabellen viser forholdet mellom brutto gjennomsnittsløn for kvinner i forhold til menn blant faste tilsette prestar i 2012 og 2013. Lågare prosentsats enn 100 pst. viser at gjennomsnittslønna blant kvinner er lågare enn menn, mens over 100 pst. betyr ein høgare gjennomsnittsløn blant kvinner

Møre bispedøme er blant dei bispedøma i landet som historisk har hatt lågast kvinneandel. Frå 2012 til 2013 er andelen kvinner i prestestilling auka med 2 prosentpoeng og omlag 5,8% prosentpoeng frå 2009.

Møre ligg framleis lågt (nr 8 av 11 bispedøme), men eit strategisk arbeid har dei seinare åra bidratt i positiv retning. På landsplan har kvinneandelen av prestar og auka med 2 prosentpoeng frå 2012 til 2013. Frå 2009 til 2013 har aukinga på landsplan vore 3,7 prosentpoeng. Utviklinga for kvinner i presteteneste ligg for Møre såleis over utviklinga på landsplan.

Augen i Møre har i hovudsak kome i gruppa for biskop/prostar, sokneprestar og andre. Kjønnsforskjellane kan ikkje forklarast ut frå ulike stillingskategoriar.

Lønsforskjellane i dei ulike stillingskategoriane er små. Lønsforskjellane kan ikkje knytast opp mot kjønnsperspektivet, men meir ut frå alderssamansettinga i presteskapet, til dømes fleire eldre, mannlege sokneprestar i høve til yngre, kvinnelege sokneprestar.

Tabell 6.2.3 Prestar: Kjønnsfordeling deltid, sjukefråvær, foreldrepermisjonar mv

		Deltid		Midlertidig		Legemeldt fravær		Foreldrepermisjon	
		K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%
Møre	2013	13 %	7 %	17 %	10 %	10,8 %	1,0 %	4,4 %	0,7 %
	2012	7 %	9 %	8 %	10 %	13,9 %	4,8 %	4,0 %	0,0 %
Totalt	2013	10 %	6 %	13 %	8 %	6,3 %	3,4 %	2,8 %	0,4 %
	2012	10 %	7 %	15 %	8 %	7,6 %	3,5 %	5,0 %	1,0 %

Alle tal er baserte på uttrekk av data frå lønns- og personalsystemet pr. 30.11 2012 og 2013. Tabellane angir følgjande:

Deltid: Oversikta viser andelen av kvinner og menn i faste prestestillingar i 2013 og 2012 var tilsette i deltidsstillingar (mindre enn 100 pst. stilling).

Midlertidig: Kolonnene viser andelen av kvinner og menn av alle tilsette som var tilsette i mellombels engasjement eller i vikariat pr 30.11. Også faste tilsette som var ute i permisjon eller sjukefråvær inngår i grunnlaget.

Legemeldt fråvær: Oversikta viser sjukefråvårsprosenten mellom hhv. kvinner og menn i faste prestestillingar. Prosentsatsen er rekna med utgangspunkt i talet på virkedagar som er rapporterte som legemeldt sjukefråvær (heil eller delvis sjukemelding), dividert med talet på normalarbeidsdagar (230 virkedagar) som dei faste stillingane pr. 30.11. vil ha i løpet av eit år.

Foreldrepermisjon: Oversikta viser fråvårsprosenten blant kvinner og menn i faste stillingar ved bispekontoret som er registrert med foreldrepermisjonar. Fråvårsprosenten er her rekna på same grunnlag som for legemeldt sjukefråvær. Det vart ikkje innhenta tal eller rapportert på dette i 2012.

Det legemelde sjukefråværet er vesentleg redusert frå 2012 til 2013 både for kvinner og menn. Forskjellen i sjukefråvær mellom kvinner og menn kan i liten grad forklarast ut frå kjønn.

Talet på kvinner som arbeider deltid er høgare i 2013 enn 2012 og er og høgare enn menn som har deltid. Dette kan ikkje forklarast ut frå kjønn, men ut frå individuelle situasjonar.

Legemeldt sjukefråvær er for både kvinner og menn logare i 2013 enn 2012, men det er eit vesentleg høgare legemeldt sjukefråvær for kvinner og menn. Ut frå vår kjennskap kan vi ikkje sjå at forskjellane er knytte til eit kjønnsperspektiv. Sjukefråværet blir følgt opp via IA-avtalen.

Deltidsstillingar oppstår normalt ved at prestar i heile stillingar går ned i stilling som følgje av AFP/pensjon. Med unntak av fengselsprestar har Møre bispedøme ikkje oppretta deltidsstillingar.

Bispedømekontoret: Likestilling mellom kjønna

Tabell 6.2.4: Bispedømekontoret, kjønnsfordeling fordelt på stillingsgrupper

		Ledere		Rådgivere		Konsulenter		Totalt	
		Antall	Kvinner pst.	Antall	Kvinner pst.	Antall	Kvinner pst.	Antall	Kvinner pst.
Møre	2013	4	50 %	6	17 %	4	75 %	14	43 %
	2012	4	50 %	6	17 %	4	75 %	14	43 %
Totalt	2013	41	41 %	95	54 %	32	91 %	168	58 %
	2012	37	32 %	90	52 %	39	92 %	166	57 %

Tabellen gir oversikt over talet på faste tilsette og andelen kvinner, fordelt på ulike stillingskategoriar ved bispedømekontoret i 2012 og 2013. Kolonnene til høgre viser totaltalet ved Møre bispedømekontor. Dei to nedste radene viser kjønnsfordelinga totalt for alle bispedømekontora.

Tabell 6.2.5: Bispedømekontoret, gjennomsnittleg løn for kvinner i prosent av gjennomsnittleg løn for menn

		Ledere	Rådgivere	Konsulenter	Totalt
Møre	2013	82 %	91 %	100 %	100 %
	2012	82 %	91 %	100 %	87 %
Totalt	2013	93 %	96 %	99 %	87 %
	2012	92 %	96 %	97 %	88 %

Tabellen viser forholdet mellom brutto gjennomsnittslønn for kvinner i forhold til menn mellom faste tilsette på bispedømekontora i 2012 og 2013. Lågare prosentsats enn 100 pst. viser at gjennomsnittslønna blant kvinner er lågare enn menn, medan over 100 pst. angir ei høgare gjennomsnittslønnblant kvinner.

Personalsamansettinga er uendra frå 2012 til 2013. I leiinga - stiftsdirektør, avdelingsleiarar og økonomisjef- er det lik representasjon mellom kvinner og menn, betre enn snittet for dei andre bispedøma. Lønsforskjellane er ikkje knytte til kjønn.

Rådgivarane er for ein stor del menn. Lønsforskjell mellom kvinner og menn for denne gruppa av tilsette kan sjå ut til å vere i ubalanse, men kan forklarast ut frå andre faktorar.

For konsulentar er det ein overrepresentasjon av kvinner, men mindre enn for heile landet. Forskjellar når det gjeld løn mellom kvinner og menn kan ikkje forklarast ut frå eit kjønnsperspektiv.

Tabell 6.2.6 Kjønnsfordeling: deltid, sjukefråvær, foreldrepermisjonar m.m

		Deltid		Midlertidig		Legemeldt fravær		Foreldrepermisjon	
		K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%
Møre	2013	57 %	0 %	57 %	0 %	3 %	2 %	0 %	0 %
	2012	67 %	0 %	0 %	0 %	2 %	1 %		
Totalt	2013	22 %	10 %	26 %	11 %	7 %	2 %	1 %	1 %
	2012	21 %	12 %	6 %	2 %	4 %	4 %	3 %	0 %

Alle tal er baserte på uttrekk av data frå lønns- og personalsystemet pr. 30.11 2011 og 2012. Tabellane angir følgjande:

Deltid: Oversikta viser andelen av kvinner og menn i faste stillingar ved bispedømekontoret som i 2013 og 2012 var tilsette i deltidsstillingar (mindre enn 100 pst. stilling).

Middlertidig: Kolonnene viser andelen av kvinner og menn av alle tilsette som var tilsette i mellombels engasjement eller i vikariat pr 30.11. Også faste tilsette som var ute i permisjon eller sjukefråvær inngår i grunnlaget.

Legemeldt fråvær: Oversikta viser sjukefråvårsprosenten mellom hhv. kvinner og menn i faste stillingar på bispedømekontoret. Prosentsatsen er rekna med utgangspunkt i talet på virkedagar som er rapporterte som legemeldt sjukefråvær (heil eller delvis sjukemelding), dividert med talet på normalarbeidsdagar (230 virkedagar) som dei faste stillingane pr. 30.11. vil ha i løpet av eit år. Tilsvarande forklaring gjeld for prestane sitt sjukefråvær.

Foreldrepermisjon: Oversikta viser fråvårsprosenten blant kvinner og menn i faste stillingar ved bispedømekontoret som er registrert med foreldrepermisjonar. Fråvårsprosenten er her rekna på same grunnlag som for legemeldt sjukefråvær. Det vart ikkje innhenta tal eller rapportert på dette i 2012.

Det legemelde sjukefråværet er noko auka frå 2012 til 2013 både for kvinner og menn. Forskjellen i sjukefråvær mellom kvinner og menn kan i liten grad forklaraast ut frå kjønn.

Vurdering av tiltak knytta til likestilling og løn

- a) For prestar
 - God informasjon i forkant av rekruttering og møte med studentar om at kvinner er ønska i presteteneste i Møre
 - Moderat kjønnskvotering ved tilsetting
 - Kompetanseutvikling som ikkje hindrar samkvem med familie
 - Utvikling av kvinnennettverk

- b) For tilsette ved bispedømekontoret
 - Rekruttering av kvinner i rådgivarstillingar
 - Framleis bruke dei lønspolitiske retningslinene for bispedømekontoret slik at kjønnsbaserte lønnsforskellar ikkje er til stades
 - Vurdere praksis ved fleksibel arbeidstid og heimekontor

Vurdering av tiltak knytta til nedsett funksjonsevne

Som arbeidsgjevar ønskjer vi å legge til rette for personar som får nedsett funksjonsevne i sitt arbeid i Møre bispedøme. Vi ønskjer også å rekruttere personar med nedsett funksjonsevne. Vi må i nokre situasjonar akseptere at ei slik tilrettelegging kan føre til auka sjukefråvær. Fysisk funksjonshemmning er ikkje til hinder for å utøve ei god teneste som prest eller ved bispedømekontoret. Vi har gitt uttrykk for dette i nokre utlysingstekstar og vil aktivt vurdere kvar stilling for seg.

For oss som forvaltingseining er det eit mål å bidra til at personar med nedsett funksjonsevne får tilgang til kyrkjene våre og kan delta i gudstenester og kyrkjeloge handlingar på lik line med funksjonsfriske. Dette er difor tema ved visitasar og når det er naturleg i samband med søknadar om endringar i kyrkjene sitt interiør eller eksteriør.

Vurdering av tiltak knytta til etnisitet

Det skal vere høve til at personar med annan etnisitet kan arbeide som prest eller som tilsett ved Møre bispedømekontor. Publikum er vane med bruk av ulike målføre, og vi må legge til rette for at alle våre tilsette utviklar eit akseptabelt nivå for språkføring. Annan etnisitet vil berike fellesskapet, og som misjonerande kyrkje har vi ei open haldning til personar med annan etnisitet.

Som forvaltingsorgan vil vi legge til grunn at menneske med annan etnisk bakgrunn skal integrerast i det norske samfunnet som kyrkja er ei del av.

Vurdering av tiltak knytta til religion

Den norske kyrkja har eit særleg ansvar for sine eigne medlemmer, men ønskjer også å vere i dialog med menneske med ein annan religion. Det ligg i Kyrkjelova hinder for at medlemmer av andre kyrkjesamfunn kan ha stillingar i Den norske kyrkja. Biskopen kan etter søknad gjere unnatak, men det skjer ikkje ofte.

Vurdering av tiltak knytta til samlivsform

Møre bispedøme gjer i sine utlysingstekstar merksam på unntak i arbeidsmiljølova og at samlivsform i samband med tilsetting kan bli etterspurt og vektlagt.

6.3 Arbeidsgjevarollen og inkluderande arbeidsliv

«Bispedømmerådene skal følge opp statlig arbeidsgiverpolitikk, herunder implementere føringer og følge opp rapporteringer som kommer på personalområdet. Bispedømmerådene er tilskuttet IA-avtalen. Det skal foreligge en lokal samarbeidsavtale som bygger på «intensjonsavtale om et mer inkluderende arbeidsliv» og «Protokoll mellom partene i arbeidslivet og myndighetene om en felles innsats for å forebygge og redusere sykefravår og styrke inkluderingen». Jf pkt 4.4.3 i virksomhetsinstrukturen.

6.4 Klarspråk

Bispedømmerådet og biskopen har som mål å ha eit klart språk i interne og eksterne dokumenter og i all nettkommunikasjon. Det blir arbeidd med at dokument, brev, nettsider og skjema er brukartilpassa og klart formulerte. Det er utarbeidd underskriftsrutiner som sikrer to underskrifter og gjennomgang av alle utgåande dokument. Det blir i særskilte høve brukt brukartesting før dokument blir publisert. Stifsdirektøren har eit særlig ansvar for å følgje opp språkarbeidet i verksemda.

6.5 Vurdering av sikkerhetstilstanden i forvaltninga

Lov om forebyggende sikkerhetstjeneste (sikkerhetslova) gjeld for alle forvaltningsorgan som har informasjon eller objekt som er skjermingsverdig.

Møre bispedømeråd/Møre biskop har vurdert om det er utsett for sikkerhetstruande verksemd slik det går fram av sikkerhetslova. Vi kan ikkje sjå at det er organisasjonar, statar eller personar som truar verksemda gjennom å planlegge, forsøke eller gjennomføre spionasje, sabotasje eller terrorhandlingar.

Vi kan heller ikkje sjå at vi har informasjon eller objekter som krever særskilte tiltak slik det går fram av sikkerhetslova.

6.6 Lærlingepllassar

Møre bispedøme har ikkje oppretta lærlingepllassar i 2013, men har særskilte praksisplassar for studentar i Vegen til presteteneste.

6.7 Jobbstrategi for unge personar med nedsett funksjonsevne

